

Årsmelding 1991

Rapport

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

Forsidefoto: Bergfrue (*Saxifraga cotyledon*)

Bergfrue er blitt anbefalt valt til fylkesblomst for Møre og Romsdal. Planten har ei snever utbreiing i verdsmålestokk. Den finst i Alpene, vest på den skandinaviske halvøya, og i avgrensa utbreiing på Island og i Pyreneene. Det er i Noreg at arten har si desidert største utbreiing. Bergfrue er vidt utbreidd i fylket vårt. Den veks både i låglandet og i fjellet. Du finn den i bergvegger, på berghyller, og på tørre rygger.

Foto: Alf E. Meisingset

Rapport nr. 4

ISBN 82-7430-043-2

ISBN 0801-9363

SAMANDRAG

Regjeringa/Miljøverndepartementet sitt overordna mål er å sikre ei berekraftig utvikling i forholdet mellom natur og menneske til beste for helsa og velferden til oss alle. Brundtland-kommisjonen rår til at det skal takast omsyn til dette målet ved alle avgjerder som har innverknad på natur og økologi. For å få i gang ei utvikling mot dette målet, er det nødvendig at alle sektorar og verksemder tek ansvar for sine egne miljøproblem, og sjølv finn fram til korleis dei kan drive i harmoni med naturen både på kort og lang sikt. Mange tek denne utfordringa på alvor og gjer ein hederleg innsats for å få til ei berekraftig utvikling i forhold til økologi så vel som økonomi.

NATURVERN

Naturvern er ein kontinuerleg prosess og ikkje først og fremst eit arbeid mot eit endeleg mål. Dei viktigaste oppgåvene avdelinga arbeider med er:

- Sikring av naturtypar, dyr og fuglar ved områdevern
- Forvalte områda slik at verneverdiane vert haldne ved like
- Fremje omsynet til natur og økologi i planleggjinga
- Sikre vassdraga som funksjonelle økosystem
- Betre kunnskapen om naturvern gjennom forskning og overvaking
- Betre informasjonen om naturvern

I 1988 vart 42 våtmarksområde verna i Møre og Romsdal. Arbeidet med grensegang, merking og erstatning er no avslutta. Berre eit overskjønn og ei sak som er anka til høgsterett er ikkje ferdighandsama. Sakene som grunneigarane har reist mot Staten for å prøve om vernevedtaka er gyldige, er avgjorde i Romsdal heradsrett med ulikt resultat. Både grunneigarane i Hostadvatnet naturreservat og Miljøverndepartementet i Nysætervatnet naturreservat har anka dommane til lagmannsretten.

Det er etablert oppsynsteneste i mange av verneområda i fylket, men ressursmangel gjer at nokre står att. Det er fastsett 22 oppsynsregionar i fylket, der dei fleste omfattar fleire verneområde.

Verneplan for myr er ferdigbehandla, og når kostnadsvurderingane er gjort, vil verneplanen bli fremja for endeleg vedtak i Regjeringa. Verneplanen for edellauvskog er under arbeid, og fagrapporten med skildring og verdivurdering av dei ulike lokalitetane er ferdig. Rapporten er lagt fram for grunneigarane og andre interesserte, og verneplanutkastet er under arbeid. Verneplan for sjøfugl har ikkje hatt framdrift i 1991. Framdrifta har gått som planlagt når det gjelder verneplan for barskog, og plandokumentet for region Vest-Noreg vil innehalde 9 område frå vårt fylke.

Erstatningssaka i Trollheimen landskapsvernområde enda med semje, mot at Staten betalte alle utgifter til ulike sakkunnige og advokatar.

Samarbeid med den nye grunneigaren i Veøy landskapsvernområde, Romsdalsmuseet, førte til langt større aktivitet enn planlagt i 1991. Naturforvaltinga sin del av "Arbeid for trygd"-pakka gjorde det og mogleg å auke innsatsen vesentleg, og mange viktige skjøtselstiltak vart gjennomført i friluftsliv- og naturområda i 12 ulike planprosjekt til ei samla utgift på kr 4,3 mill.

Mangel på kapasitet har hemma arbeidet med plan- og inngrepssaker. Miljøvernavdelinga har prioritert innspel til kommune- og reguleringsplanar, samarbeid med planavdelinga i fylkeskommunen og innspel til Statens vegvesen i samferdselssaker. Leveområde til truga og sårbare artar er etter beste evne forsøkt sikra gjennom innspel til ulike planar. I tillegg er arbeidet med registrering av sårbare artar gjennomført på same nivå som tidlegare år.

FRILUFTSLIV

Møre og Romsdal har eit rikt tilbod på gode friluftsområde. Særleg er turområde av god kvalitet. Gode badeplassar er det færre av, og inne i fjordane er ofte elveosane dei einaste gruntområda som høver til bading. Båtutfarten i fylket er stor, og dei fleste kommunar har eller vil få tilbod om gjesteplassar i småbåthamner. Opparbeidde ilandstigningsplassar på populære utfartsholmar er mangelvare, likeeins gode sanitærløysingar for båtfolket. Å sikre og tilrettelegge nærområde for friluftsliv i byar og tettstadar, har høg prioritet i miljøforvaltinga. I praksis er dette eit vanskeleg arbeid, da mange av dei attraktive nærområda og er attraktive for utbyggingsformål.

Handlingsprogrammet for friluftslivet, som m.a. prioriterer dei statlege tilskottsmidlane til friluftslivet, vart revidert i 1990. På grunn av "Arbeid for trygd"-pakka og andre sysselsettingstiltak i 1991, vart det gjennomført andre prosjekt enn dei som var prioritert i Handlingsprogrammet. Dette medfører at programmet må reviderast i 1992. Det er svært stor interesse i kommunane til å opparbeide friluftsområde, og avdelinga ser fram til ein monaleg auke i tilgangen på pengar i denne sektoren, noko statsbudsjettet for 1992 ber bud om.

I dei fleste kommunane er motorferdsel i utmark eit lite problem. Fylkesmannen har tilsyn med dispensasjonspraksisen i kommunane. Nokre av kommunane fekk merknader, og 3-4 klagesaker vart handsama av Fylkesmannen.

VERN MOT FORUREINING

I Møre og Romsdal blei det i 1991 registrert oppblomstring av giftige blågrønalgar i Bergsemsvatnet i Tingvoll kommune. Årsaken er truleg uheldig disponering av husdyrgjødsel.

Tilførte investeringsrammer til kloakutbygging i Møre og Romsdal aukar for kvart år. I 1991 blei det gitt tilskott og lån til prosjekt med ein samla kostnad på 51 mill kroner. Dette er vesentleg meir enn i 1990 (25 mill kr). Kommunane er såleis inne i eit temposkifte når det gjeld kloakutbygging. Dette er også nødvendig for å kome i mål med full opprydding før år 2000. Som resultat av satsinga blei også 5 reinseanlegg fullført i 1991. Investeringane fører såleis til færre utslepp og mindre ulemper som følgje av samling av kloakkar, etablering av djupvassutslepp og reinseanlegg. Fortsatt går likevel mesteparten av kloakken frå byar og tettstader ureinsa til sjøen.

Som følgje av forskrifter om ADK1-sertifikat for personell som skal stå for arbeid med legging av kloakkleidningar, blei det sett i gang opplæring ved Vestnes vidaregåande skule i 1991. 114 personar har fullført kurs. 79 står på venteliste ved årsskiftet. I tillegg blir det lagt opp til særskilt opplæring av dei som berre skal arbeide med stikkleidningar.

I tråd med seinare års arbeidsdeling har fylkesmannen sin kontroll med landbruksforureining blitt gradvis endra. Kontrollen i 1991 var lite retta mot den enkelte garden/brukaren. Kontrollen har i hovudsak vore elvekontrollar. Jordbrukssjefane i kommunane har fått mynde til å gje dispensasjon til krav om spreing av husdyrgjødsel. I 1991 blei det også avklara at store delar av kontrolloppgåver med landbruksforureining frå og med 1992 skulle overlatast til landbruksetaten.

Det er ikkje registrert auka forureiningsproblem frå fiskeoppdrettsnæringa. Avfallsbehandligna (sjuk og død fisk) er enno ikkje tilfredsstillande ved fleire anlegg. Mange av lakseslakteria blei konsesjonsbehandla i 1991 med sikte på gjennomføring av standardkrav til reinsing og avfallsbehandling.

AVFALL OG ATTVINNING

Dei fleste kommunane gjennomførte i 1991 første etappe på arbeidet med planar for kjeldesortering av avfall. Dette er ei oppfølging av vedtak i Stortinget i 1990.

Mange kommunar har allereie satt i gang ymse tiltak for attvinning av avfall. Dels er dette mottak for attvinnbart avfall (bringeordningar), spesielt glas og papir, dels henteordningar basert på at papir blir samla i egne sekkar eller dunkar som blir samla inn regelmessig. Henteordningar fører vanlegvis til at meir avfall blir attvunne.

Mesteparten av avfallet blir fortsatt deponert eller behandla i tradisjonelle avfallsanlegg. Tafjord Kraftselakap sitt forbrenningsanlegg på Grautneset og Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap tar imot mesteparten av avfallet i fylket. I 1991 kom arbeidet med å opprette eit interkommunalt avfallsselskap for Nordmøre så langt at det stort sett berre står att godkjenning av dei kommunale vedtaka.

Fylkesmannen utarbeidde i 1991 ei plan for bilvraksystemet i fylket. Planen legg opp til at talet på plassar ikkje blir auka, men at systemet blir betra når det gjeld informasjon og evt oppfølging frå kommunane si side av bilvrak som er til sjenanse.

FISKEOPPDRETT

Oppdrett av laks- og regnbogeaure er fortsatt inne i ein konsolideringsfase med tanke på omlegging til vekseldrift over tre lokalitetar. Nye lokalitetar ligg i dag i meir djupe og opne resipientar enn berre for få år sidan. Vi reknar derfor med at lokale forureiningsproblem er redusert siste året.

Avfallshandteringa har hatt ei positiv utvikling når det gjeld å skaffe seg eigna utstyr for opptak av dødfisk frå nøtene og ensileringsanlegg. Det står likevel mykje att før alle leverer ensilasjen til godkjende firma for gjennvinning til førråstoff. I alt 25 lokalitetar fordelt på 16 matfiskanlegg vart kontrollert. Av desse fekk 16 pålegg om utbetring av manglar med tanke på avfallshandteringa.

Det er registrert ein auke i antal protestar mot etablering av matfiskanlegg. Dette er ein generell tendens, men truleg også eit uttrykk for at det i samband med vekselbruk er blitt lagt band på for mykje areal i enkelte kommunar.

Rømming av oppdrettsfisk er fortsatt eit alvorleg problem pga det store antalet (112 000 stk) og at delar av den er infisert av sjukdom. Mykje av oppdrettsfisken går før eller seinare opp i vassdaga våre. Bruken av antibiotika/kjemoterapeutika er redusert frå året før, men utsleppa er fortsatt store og må reknast som eit alvorleg problem etter det ein no veit om skadeverknader, og at villfisk får i seg til dels store mengder av desse stoffa.

FORVALTING AV FERSKVASSFISK

Møre og Romsdal har store ressursar når det gjeld elvar og vatn, og det ligg eit stort potensiale knytt til desse ressursane. Serleg store interesser er knytt til fiske etter laks og sjøaure. Avkastinga i fisket etter desse artene har dessverre i ei årrekke synt ei negativ utvikling. Årsakene til dette har ein på langt nær klarlagt, men mykje tyder på at det meste har si forklaring i negative følgjer av ulike former for menneskeleg aktivitet i naturen.

Det er gjennomført ulike former for tiltak som har som mål å betre produksjon og avkastning av laks og sjøaure. Dei fleste av desse tiltaka inneber ein reduksjon i beskattingstrykket. Fylkesmannen har gjennomført ein revisjon av forskriftene for freding av sjøområde utanfor vassdrag. Gamle forskrifter er oppheva og erstatta av ei ny, samstundes som det er oppretta liknande vemesoner for nær dobbelt så mange elveutlaup i forhold til tidlegare. Den nye forskrifta omfattar no tilsaman 95 vassdrag.

Kultiveringsarbeidet for bevaring og styrking av ei rekkje stammar av laks og sjøaure driv i hovudsak på tradisjonelt vis. Rapportar frå stamfiske syner omlag same resultat som åra før. I dei siste åra har det rømt ei stor mengd oppdrettsfisk (laks og regnbogeaure), og denne meiner ein representerer ein reell fare for dei ville populasjonane. Hovudfarane er knytte til dei stadeigne bestandane sine arvemessige eigenskaper som kan bli negativt påverka ved at villfisk krysser seg med oppdrettsfisk, samt at rømt oppdrettsfisk er ein særstør trugsel når det gjeld spreiding av ymse former for fiskesjukdommar.

Det gjennomførast årleg overvaking av fiskebestandane i ei rekkje vassdrag i fylket. Den største faren vill-laksbestandane er utsett for, er parasitten *Gyrodactylus salaris*. I 1991 vart det påvist spreiding av denne parasitten til Innfjordelva i Rauma kommune.

I Møre og Romsdal har det i fleire år blitt gjennomført tiltak for å bekjempe lakseparasitten *G. salaris*. Tilsaman 20 vassdrag er - eller har vore infiserte av parasitten. Mottiltak er gjennomført i 9 vassdrag. I samtlege av desse har ein i etterhand ikkje vore istand til å på ny påvise parasitten. To vassdrag er erklært frie for *G. salaris* etter behandling med stoffet rotenon, samstundes som vassdraga igjen er produktive med omsyn til laks og sjøaure. Dette inneber at vi i dag sikkert kan seie at vi har denne parasitten att i 11 elver i fylket.

Det er igangsatt eit omfattande arbeid for å kartlegge dei ressursane som knyttar seg til laks, sjøaure og innlandsfisk i fylket. Denne ressurskartlegginga vil bli eit viktig og nausynt reiskap i ei meir riktig og framtidretta forvaltning.

VILTFORVALTING

1991 har vore eit normalt godt år for viltforvaltninga i fylket. Viltnemndene var inne i sitt fjerde og siste funksjonsår før nyval, og dei fleste nemndene har både kunnskaps- og ressursmessig vore i stand til å løyse oppgåvene sine på ein tilfredsstillande måte.

Det er ei hovudutfordring innan viltforvaltninga å sikre at viltet sine leveområde ikkje vert øydelagt eller forringa. Arbeidet på dette feltet består i å samle opplysningar om område som er av verdi for ulike viltartar og sikre at denne kunnskapen vert vektlagt av dei som tek avgjerder i naturinngrepssaker. I løpet av 1991 vart det samla inn mange nye opplysningar til databasen for viltområdekartverket. Elles vart ei rekkje kommune- og reguleringsplanar og andre saker om arealdisponering behandla ut frå viltomsyn.

1991 vart eit storår når det gjeld felling av hjortevilt. Uoffisielle tal viser at det vart felt 142 elgar som er historisk rekord for fylket medan 3297 hjortar er like under rekorden frå hausten 1985. Fellingstala for rådyr har og auka i dei fleste kommunane som har slik jakt. Auken reflekterer truleg ein bestandsauke på grunn av fleire svært gunstige vintrar for hjorteviltet.

Rovviltmeldingane frå 1991 passar stort sett inn i det mønster som har vist seg tidlegare år. Eit hårfunn frå Sykkylven vart dokumentert å stamme frå brunbjørn. Dette er det sikraste prov som er gjort dei seinaste åra på at arten kan finnast i fylket. På sørsida av Sunndalen var det ein manko på vel 310 sau og lam etter beitesesongen mot 176 i 1990. Organisert tilsyn i området med kadaverdokumentasjon viste at av 64 undersøkte kadaver var 50 med sikkerheit tekne av jerv, 3 skuldast sannsynleg jerv medan 11 hadde uoppklara dødsårsak. Også i andre område der det finst eller kan finnast jerv har det til dels vore større tap enn normalt, utan at jerv er dokumentert å ha gjort skade.

VASSDRAGSFORVALTING

Offentleg forvaltning av vassressursane dreier seg om korleis det offentlege skjøtter vassressursane. Det skjer gjennom statlege rammeplanar (t.d. Samla Plan- og Verneplan for vassdrag), komuneplanar og konsesjonsordningar i sektorlover.

Arbeidet med Verneplan IV - og med Samla Plan for vassdrag har meir enn noko anna prega arbeidssituasjonen dette året. På dei øvrige arbeidsområda innan vassdragsforvaltinga har det vore eit jamnt år.

NOU 1991: 12A om verneplan for vassdrag IV vart sendt ut på høyring i mai. Den la opp til vern av 10 nye vassdrag i fylket vårt. Av desse var det dissens om nedre del av Rauma (nedafor Verma), men for alle dei øvrige prosjekta var Mellquistutvalet si innstilling samrøystes. Materialet er no under førebuing for Stortingsbehandling. Frå tidlegare verneplanar er 10 vassdrag varig verna i fylket vårt.

Nye vassdragsrapportar for Austefordvassdraget, Bygdaelva, Raumavassdraget og Litledalselva har vore utarbeidd og på høyring. Dette materialet vil bli innarbeidd i ei stortingsmelding, som vil bli behandla saman med Verneplan IV. Austefjordprosjektet vil venteleg ikkje bli klarert for konsesjonsbehandling, men det vil truleg skje for eit prosjekt med utgangspunkt i Vatnedalsvatnet i Bygdaelva. I Rauma er utgreiingane både i verne- og utbyggingssamanheng no ført så langt at det er eit politisk val som gjenstår. Planane for eventuell opprusting av Aura kraftverk vil m. a. avhenge av kva som skjer med Joravassdraget i vernesamanheng.

Også dette året har det vore konkrete drøftingar om vassverksamarbeid over kommunegrenser (t.d. Fræna-Molde-Aukra, Giske-Ålesund). Fleire større oreigningssaker har det også vore arbeidd med dette året, både til alminneleg forsyning og til industrianlegg. Mest kjent er Sula kommune si oreigningssak basert på Molværsvatnet. Dessutan har det vore arbeidd med spørsmålet om formell avklaring for utvida industrivassuttak frå Hustadvassdraget. Fiskesperre-saka i Dalsfjorden har fått si førebelse avgjerd dette året. Denne saka har m. a. ført til at det no har kome eigne retningslinjer for korleis søknadsprosedyren skal vere for nye planar om stenging av laksevassdrag. Fylkesmannen vil no få eit sterkt koordinerande og fagleg ansvar for denne type saker.

Ingen store vasskraftsaker har vore fremja dette året. Derimot har det skjedd avklaringar for fleire småkraftverk, anten om planleggingstilskott, behovet for konsesjonssøknad eller tilrådingar i konkrete konsesjonssøknader (t.d. Kassen, Herje, Stadheim, Dyrkorn, Storfossen). Det kan elles vere grunn til å nemne at fylkesmannen no har tatt initiativ til eit prosjekt der ein vil ta for seg alle konsesjonspålegg (utsettingspålegg o.l.) i regulerte vassdrag med sikte på oppjustering til dagens kunnskap. Dette prosjektet vil bli eit viktig samarbeidsprosjekt dei komande åra mellom Direktoratet for Naturforvaltning (DN), regulantane og fylkesmannen. Målsettinga er "betre bruk av regulerte vassdrag".

Svært mange forbyggingsplanar har vore til vurdering dette året, og fleire relativt store prosjekt har blitt gjennomført eller har starta opp (t.d. Devoldprosjektet i Rauma, Grøaprojektet i Driva).

ADMINISTRATIVE TILHØVE

Miljøvernavdelinga har kontorbudsjett og personaladministrasjon saman med fylkesmannen. Dette gjeld for dei fast tilsette. Administrative omkostningar for personar engasjerte på prosjekt, skal dekkjast av prosjektet. Dette fører til at det er kompliserte tilsettings- og budsjetttilhøve for kontorpersonalet.

I alt er det utført omlag 23 årsverk med fagarbeid i avdelinga, av desse er ti årsverk utført av engasjert personale og 13 av fast tilsette. I tillegg kjem kontorstillingane med tre og eit halvt årsverk.

Budsjett til vanleg drift og prosjekt er tilført avdelinga på forskjellig måte. Vanleg drift er finansiert over Kap. 1406 i statsbudsjettet medan pengar til prosjekt stort sett er tilført avdelinga ved posteringsfullmakter frå DN eller SFT.

Statsbudsjettet, Kapittel 1406:

tilvist på post 01, lønn til fast tilsette	3.142.500
tilvist på post 11, varer og tenester	1.026.700
tilvist på post 21, forvaltingsoppgåver <u>797.000</u>	
Sum tilvist ordinært	4.966.200
arb.g.avg post 21,	<u>80.700</u>
Sum utgifter ordinært budsjett	5.046.900
Posteringsfullmakter:	
tilvist på post 21, områdeforvaltning	10.762.600
arb.g.avg	<u>202.600</u>
Sum utgifter posteringsfullmakter	10.965.200
Belastingsfullmakter:	
tilvist kap. 1441	45.000
Arbeid for trygd:	
tilvist på post 01, lønn	2.048.000
tilvist på post 11, varer og tenester	6.700
tilvist på post 21,	<u>292.500</u>
Sum tilvist	2.347.200
arb.g.avg.	<u>349.000</u>
Sum utgifter arbeid for trygd	2.696.200
<hr/>	
Utgifter totalt i rekneskapen	18.753.300
Tilvist til inntekt kap. 4406	13.703.300

Pengar overført til avdelinga ved posteringsfullmakt, vil først bli inntektsført på post 4406 for deretter å bli utgiftsført på post 1406.

Arbeidstilhøva i miljøvernavdelinga er prega av at dei fast tilsette ikkje har kapasitet til å utføre alle oppgåvene som er lagt til avdelinga, og mykje av arbeidet må utførast av engasjert personale. Omlag halvparten av fagarbeidet i avdelinga er utført av engasjerte. Det er klare grenser for kor lenge engasjement kan vare, og at ein så stor del av arbeidet blir utført av folk som ikkje har permanent tilknytning til avdelinga, går ut over både kvalitet og effektivitet.

Dei permanente kontorlokala som miljøvernavdelinga disponerer i fylkeshuset, er avpassa til den permanente staben. Det vil seie at det er plass til omlag 15 personar, og avdelinga manglar frå 10 til 15 kontorplassar. For å halde hjula i gang har det blitt leidd kontorplass etter behov på byen. Avdelinga har i 1991 disponert nokre kontorplassar i Storgt.8, leidd av Fylkesskattesjefen, nokre plassar i Forum-bygget og nokre i 5. etg i fylkeshuset. Det seier seg sjølv at å ha ei avdeling på 25 til 30 personar spreidd på fire lokal, fører til ei sær sars urasjonell drift. Miljøvernavdelinga har eit akutt behov for å finne ei permanent løysing på plassproblemet.

I 1991 fikk alle tilsette sin eigen PC. Men sidan det ikkje var pengar til å investere i nettverk og server, kunne det ikkje etablerast kommunikasjon mellom PC-ane. Dei vart knytt direkte til skrivar og var til stor nytte likevel. Programvarene som er brukte, er Windows som grensesnitt, Word for Windows til tekstbehandling og Excel regneark.

I 1991 kom stortingsmeldinga om miljøvern i kommunane, og våren 1991 arrangerte miljøvernavdelinga i samarbeid med Kommunenes Sentralforbund, Møre og Romsdal eit møte i Geiranger den 23. og 24. april 1991 og eit i Sunndal den 25. og 26. april. Der vart kommunane orienterte om den nye ordninga, og dei vart oppfordra til å ta til med å førebu ei sterkare satsing på miljøvern allereie i 1991. Møta var innretta mot ordførarar, rådmenn og andre i toppleiinga i kommunane. Møta hadde god oppslutnad og bidro til at arbeidet med miljøvern i kommunane fekk ein god start.

I 1991 deltok representantar frå avdelinga på fleire møter og tilstellingar i samband med miljøvern i skolane, og samarbeidet med skolestyresmaktene er godt. Det er ein auka etterspurnad etter folk frå miljøvernavdelinga til å halde foredrag, innlegg, kåseri, delta på paneldebattar, osb. i ymse organisasjonar og lag. Slike tilstellingar er ofte på kveldstid. Avdelinga prøver å etterkomme slike førespurnader så langt som råd, med denne aktiviteten er i ferd med å vokse avdelinga over hovudet.

Innleiing

Innleiing	3
Naturvern	4
Verneplan for våtmark	4
Andre verneplanar	5
Trollheimen landskapsvernområde	7
Veøy landskapsvernområde	8
Nasjonalparkutredinga	9
Forvaltning av verna område	10
Inngreps- og arealplansaker	11
Kommuneplanar og kommunedelplanar	11
Regulerings- og bebyggelsesplanar	11
Andre plan- og inngrepssaker	12
Informasjon, edna/frida	13
Trua og sårbare artar	14
Friluftsliv	17
Handlingsprogram for friluftslivet	17
Tilskottssaker	18
Arbeid for trygd	19
Vern mot forureining	20
Tilstandsrapport for vassforureining	20
Kommunal kloakk	21
Landbruksforureining	22
Forureining frå industri	23
Tilstandsrapport luftforureining	24
Tilstandsrapport støy	25
Avfall og attvinning	27
Forbruksavfall	27
Produksjonsavfall	29
Spesialavfall	30
Fiskeoppdrett	33
Forureining frå fiskeoppdrett	33
Arealbrukskonfliktar	34
Sjukdom og genforureining	36
Forvaltning av ferskvassfisk	38
Fisket etter laks og sjøaure	38
Forenkling og harmonisering av fiskeforskriftene	39
Søknader om løyve til stamfiske etter laks og sjøaure	39
Trusselen som rømt oppdrettsfisk representerer	40
Fagleg engasjement nasjonalt og internasjonalt	41
Overvaking av laks og sjøaurebestandane	42
Lakseparasitten gyrodactylus salaris	42
Sikring av trua fiskestammer	43
Kartlegging av ferskvassfiskressursen i fylket	44
Konsesjonspålagte kultiveringstiltak	45
Viltforvaltning	47
Vern om viltartane og deira leveområde	47
Fagleg styrking av viltnemndene	48
Hjorteviltforvaltning	49

Betring av jakttilgang	50
Store rovdyr	51
Jegerpopplæring	52
Betring av jaktmoralen	53
Lokale vilttiltak	54
Vassdragsforvaltning	56
Verneplan for vassdrag	56
Samla plan for vassdrag	57
Inngreps- og plansaker	58
Administrative tilhøve	61
Personale	61
Rekneskap 1991	62
Ymse	65

1. INNLEIING

Eit av hovudbodskapa i Bruntlandrapporten er at alle bedrifter og etatar skal vere ansvarlege for sine eigne miljøvernproblem og sjølv finne løysingar på problemet. Vidare skal omsynet til miljøet gå inn i alle former for vedtak og tiltak, på same måte som omsynet til velferd, helse og økonomi gjer det. I 1991 kom denne tankegangen til syne i politiske vedtak om miljøvernarbeidet i framtida. Forskriftene om internkontroll og stortingsmeldinga om miljøvern i kommunane, MIK meldinga, er døme på dette.

1991 vart på mange måtar eit spesielt år for miljøvernarbeidet. MIK meldinga baner vegen for ei brei satsing på miljøvern i kommunane. Det seier seg sjølv at det vil bli ein heilt ny dimensjon over miljøvernarbeidet i fylket når alle våre 38 kommunar sett miljøvern på dagsordenen og tek til å arbeide aktivt med alle former for miljøvern. Våren 1991 blei det arrangert to todagars samlingar der innhaldet i stortingsmeldinga blei forklart til toppleinga i kommunane.

Samarbeidet med landbruksstyresmaktene om kontroll og reduksjon av forureining frå jordbruket vart utvikla vidare, og det vart inngått avtale om ei prøveordning der alt kontrollarbeid skal overførast til fylkeslandbrukssjefen. Miljøvernavdelinga skal no konsentrere seg om kontroll av vasskvalitet i sjø og vassdrag og melde frå til landbruket om det er for mykje landbruksforureining i vatnet. Ordninga trer i kraft frå 1992.

Samla plan for vassdrag vart rullert i 1991, og i Møre og Romsdal vart vassdraga Rauma, Bygdaelva, Austefjordelva og Litledalselva vurdert på nytt. Når det gjeld Rauma, er utgreiingsarbeidet ført så langt det er rimeleg å gå. Det er framleis konflikt mellom verneinteresser og utbyggingsinteresser. Ei politisk avgjerd må til for å få ei endeleg avklaring om Raumas framtid. I dei andre vassdraga er ymse utbyggingsalternativ vurdert, men det er ikkje duka for større konflikter mellom utbygging og vern i nokon av dei. Verneplan IV for vassdrag vart sent ut på høyring. Den la opp til vern av 10 nye vassdrag her i fylket. Det er meininga at den skal stortingsbehandlast saman med rulleringa av Samla plan.

Utviklinga innafør arealplanlegginga i kommunane er urovekkjande. Kvaliteten av det kommunale planleggingsarbeidet blir berre dårlegare for kvart år som går. Det er liten vilje i kommunane til å bruke Plan- og bygningslova til å styre arealbruken ut frå naturtilhøva i kommunen og dei overordna samfunnsinteressene. No er vi snart attende til tilstanden før Plan og bygningslova vart vedteke. Det er gunneigarar og økonomiske interesser som styrer arealbruken. Det er skuffande å sjå kor lite det kostar kommunepolitikarane å gå inn for dispensasjon frå vedtekne kommuneplanar, for å imøtekomme tvilsomme naturskadelege satsingar.

01. april 1992



Odd Høgset
fylkesmiljøvernsjef

2. NATURVERN

Naturvern er ein kontinuerleg prosess og ikkje først og fremst eit arbeid mot eit endeleg mål. Dei viktigaste oppgåvene avdelinga arbeider med er:

- Sikring av naturtypar, dyr og fuglar ved områdevern
- Forvalte områda slik at verneverdiane vert haldne ved like
- Fremme omsynet til natur og økologi i planleggjinga
- Sikre vassdraga som funksjonelle økosystem
- Betre kunnskapen om naturvern gjennom forskning og overvaking
- Betre informasjonen om naturvern

2.1. Verneplan for våtmark

Våtmark er i denne samanhengen i hovudsak vassdrag, innsjøar og gruntområde i sjøen som er viktige for fuglelivet. Våtmarker har ofte høgbiologisk produksjon. Mange fugleartar er avhengige av slike område både som hekkeområde og for å finne mat. På hausten er rike gruntområde i sjøen avgjerande for at mange trekkfuglar skal greie den lange flygeturen til overvintringsstadene. Der det er rikt fugleliv, er det ofte og rikt planteliv. Mange av dei sjeldnaste plantartane i fylket er knytte til våtmarker.

2.1.1. Mål

Planen vart stadfesta i statsråd den 23.05.88. Alle områda utanom håsenøran i Sunndal kommune er godkjente samsvar med tilrådinga frå fylkesmannen. Arbeidet med grensegang, merking, erstatning, informasjon og etablering av oppsynstenesta har sidan pågått kontinuerleg. Målsettinga var at dette arbeidet skulle vere slutført ved utgangen av 1990.

2.1.2. Tiltak

Arbeidet med grensegang og merking vart starta opp alt i 1988, og fortsatte fram til 1990. Kostnadene varierte frå kr 10.000,- til kr 30.000, pr område, alt etter storleik og topografi. Forhandlingar om minnelege ordningar om erstatningane vart starta opp hausten 1989 og fortsatte ut året 1991. Våtmarksplanen omfatta 42 område med i underkant av 1000 grunneigarar, og Ca 50% kravde erstatning.

2.1.3. Resultat

Alle erstatningssakene utanom eitt overskjønn er gjennomført. Ei sak er anka til høgsterett. seks av dei igjenværande områda vart avgjorde ved minneleg ordning og tre ved skjønn. Det er og gjennomført tre overskjønn med godt resultat. Kjøp av dyrka og dyrkbar jord til bruk i makeskifte i hustadvassdraget og Gaustadvågen/Sandblåstvågen naturreservat er gjennomført etter planen. Jordskifteverket skal stå for det praktiske arbeidet i marka.

Sakene som grunneigarane har reist mot staten for å prøve om vernevedtaka er gyldige, er avgjort av Romsdal heradsrett med ulikt resultat. Både grunneigarane i Hostadvatnet naturreservat og miljøverndepartementet i Nysætervatnet naturreservat har anka dommane til lagmannsretten.

Utgifta til erstatningssakene kom i 1991 opp i overkant av 4 mill. kroner. Noko over 2 mill. kroner er utbetalt til grunneigarane, mens resten har gått til advokatar, sakkunnige og skjønnskostnader. Vi har heller ikkje dette året fått nok pengar til å etablere oppsyn i alle verneområda. Streng budsjetttrammer gjer også at informasjonsarbeidet ligg langt etter det som er nødvendig, sjå tabell nr 1.

2.2. ANDRE VERNEPLANAR

Arbeidet med det klassiske naturvernarbeidet er no prioritert etter følgjande langtidsplan:

Verneplantype	Registreringar tilrettelegging	Høyringar	Gjennomføring
Våtmark	utført	utført	Gjennomført
Geologi, mineral	utført	utført	Gjennomført
Geologi, lausmassar	1987/88		
Edellauvskog	1988	1991/92	1993/94
Myrtypar	1987	1989/90t	1992/93
Sjøfugl	1987	1992	1993/94
Havstrand	1987	1995	
Barskog (rik furuskog)	1989/90	1991/92	1993/94
Landskapstypar	1990/92	1995	?
Trollheimen	utført	utført	Gjennomf.87
Nasjonalparkplanen	1986	1993	1995/96
Reinheimen	1986	1991	1992
Kulturbetinga naturtypar	1990	1993/94	?

2.2.1. Mål

Det har vore ei målsetting å gjennomføre dei fylkesvise verneplanane for ulike naturtypar innan utgangen av 1990. Denne framdrifta har det ikkje vore mogleg å oppfylle. Miljøverndepartementet (MD) har derfor sett som mål at dette arbeidet skal vere slutført i alle fylke innan 1995. For Møre og Romsdal gjeld dette myr, edellauvskog, sjøfugl og landsplan for barskog.

Når det gjeld myrplanen, var lokale høyringar og alle synfaringar, også med det statlege myrutvalet, slutført alt i 1988, og vi hadde rekna med sentral behandling og endeleg godkjenning av myrplanen i 1990. Når det gjeld edellauvskog, var feltregistreringar og skrivning av utkast til fagrapport prioriterte oppgåver i 1989. Det viste at dei naturfaglege grunnlagsdata over viktige edellauvskogforekomstar i fylket var svært mangelfulle. Målet for 1990 var derfor å slutføre dette arbeidet slik at lokal høyring kunne gjennomførast i

1991. På grunn av manglande kapasitet var ikkje framdrifta av sjøfuglplanen prioritert, da vi rekna med at dei naturfaglege data som vart innhenta over sjøfuglbestandane i andre samanhengar, ville gje eit betre grunnlag for arbeidet med det endelege plandokumentet. Vi ser heller ikkje at det er så mange aktuelle inngrep som kan vere nokon trussel for sjøfuglområda.

Når det gjeld barskog, var registrering av aktuelle lokalitetar ei prioritert oppgåve og utført av NINA, avd. Ås i 1990. Registreringsrapporten for kalkfuruskog ligg føre, men det er naturleg at dette materialet blir sett i samheng med den endelege rapporten for verneverdig barskog generelt.

Det ligg føre eigen fagrapport og utkast til fylkesvis verneplan for havstrand/deltaområde, men det var ikkje aktuelt med tiltak i 1991. Årsaka er at Direktoratet for naturforvaltning (DN) har vedtatt at desse naturtypene skal vurderast i landsdelssamheng. Framdrifta i dette arbeidet er ikkje kjent, og det kan ta tid før dei aktuelle områda i Møre og Romsdal blir verna. Mange av havstrendene er med i våtmarksplanen, men avgrensinga er vurdert ut frå anna verneformål (fugl) enn plantelivet. Dette kan medføre vanskar med gjennomføringa og behandlinga av dispensasjonar.

2.2.2. Resultat

Verneplanen for myrområda er ferdigbehandla, men dei siste vurderingane av kostnadene med gjennomføringa er ikkje slutført. Sjølv om alle erstatningssakene i våtmarksområda er eit viktig erfaringsmateriale, er det vanskeleg å overføre dei resultatane i det enkelte myrområde, da situasjonen på den enkelte eigedom er eit viktig skjønnsstema. Arbeidet med edellauvskogplanen er ikkje ført så langt fram som rekna med. Det vil fortsatt gå med 2 - 3 månadsverk i 1992 før utkastet til plandokument kan sendast på lokal høyring. Arbeidet med sjøfuglplanen har ikkje vore prioritert, men det er innhenta mykje verdifullt datamateriale i andre samanhengar.

Framdrifta i barskogplanen har gått som planlagt og grunneigarane vart orientert om registreringsmaterialet frå NINA medio 1991. Av ialt 19 registrerte verdifulle område i naturfagleg samheng vil plandokumentet berre ha med 9 område. Region Vest-Noreg er tildelt ein kvote på 25.000 da produktiv skog, noko som vil medføre at berre 3 - 5 område blir verna i Møre og Romsdal. Ut frå ein naturfagleg synsstad er ramma alt for liten til at variasjonen i barskognaturen kan bli representert. I tillegg til barskogen skal to område med kalkfuruskog og sju mindre områder med barlind og kristorn med i plandokumentet. Planprosessen vert styrt av eit regionalt utval der skogstyresmaktene, skogeigarorganisasjonane, naturvernforbundet og naturforvaltninga er med.

2.3. TROLLHEIMEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Trollheimen landskapsvernområde og Svartåmoen naturreservat vart stadfesta i statsråd den 11. desember 1987. Det vart også vedtatt å etablere eit samarbeidsutval der dei 6 kommunane og dei 2 fylkeskommunane er med. Utvalet har til oppgåve å sjå til at vernereglane blir haldne, og å gi råd til fylkesmannen når det gjeld dispensasjonar m.v. Det vart og vedtatt at det skal etablerast oppsyn på heiltid med kontorstad Rindal. Vanskar med å få tilsett oppsyn i kommunal regi gjer at Fylkesmannen i Møre og Romsdal kjøper eit årsverk (naturforvaltar) av Midt-Norsk Ressursutvikling A/S med kontorstad Rindal.

2.3.1. Mål

Eit viktig mål med forvaltninga av Trollheimen i 1989-90 har vore å etablere gode samarbeidsrutinar mellom det fast tilsette oppsynet, samarbeidsutvalet og fylkesmennene. Oppsynsteneste er administrativt tillagt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for heile området, og det har vore vanskar med å få tilført nok pengar til å dekkje kostnadene. I samanheng med at grunneigarane i delar av Sør-Trøndelag og i Rindal og Surnadal kommunar reiste erstaningssak mot staten, har det vore viktig å vurdere framtidig dispensasjonspraksis. Å fastleggje omfanget av den motoriserte ferdselen og å lette konflikten mellom grunneigarar og reindriftsnæringa, har også vore ei vanskeleg sakskompleks.

2.3.2. Tiltak

Naturforvaltaren som har ansvaret for det daglege oppsynet, har prioritert arbeidet med å utforme rutinar for dispensasjonar, reglar for motorisert ferdsel og samarbeidet med utvalet. Det er også fremma fleire søknader for å gjere budsjettsituasjonen klarare når det gjeld drifta. Vanskane er at utgiftene delvis blir dekt av vårt eige budsjett, resten av ramma på forvaltingsbudsjettet. Personleg kontakt med utøvarane i reindriftsnæringa må prioriterast. Arbeidet med forvaltingsplanen må starte opp.

2.3.3. Resultat

Samarbeidet med arbeidsutvalet og oppsynstenesta fungerer no som forutsett. Naturforvaltaren har all saksutgreiing om dispensasjonar m.m. Sjølv om det er oppretta personleg kontakt med utøvarane i reindriftsnæringa er samarbeidet heller dårleg, og det er fortsatt konfliktar ved bruk av helikopter til samling og driving av rein.

Erstatningssaka som nokre av grunneigarane i delar av området reiste, enda med semje mot at Staten betalte alle utgifter til ulike sakkunnige og advokatar. Dette var ei utgift på rundt kr 600.000,-. Skjønnsprosessen var svært arbeidskrevjande, men både arbeidet til dei sakkunnige og dei mange søknadene om dispensasjon som saka medførte, var klargjerande for tolking av vernereglane. Dette vil føre til noko enklare sakshandsaming av ulike spørsmål i framtida. Vi har heller ikkje i år klart å rette opp den uheldige budsjettsituasjonen. Av driftskostnadene på ca kr 417.000,- vart berre kr 250.000,- dekt

over eige budsjett. Dette har medført reduksjon i aktiviteten på oppsyn- og informasjonssida i andre verneområder. Det er til no ikkje blitt semje med grunneigarane om erstatninga i Svartåmoen naturreservat. Det vil derfor truleg bli gjennomført skjønn i 1992.

2.4. VEØY LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Veøy landskapsvernområde vart oppretta i 1970, som landets første landskapsvernområde. Formålet med fredinga var å sikre eit historisk kulturlandskap med eigenarta naturmiljø kring gamle Veøy kirke og prestegard.

2.4.1. Mål

Skjøtselen av kulturlandskapet på Veøya er vanskeleg, og må gjennomførast meir systematisk enn før. Dyrkamarka må ryddast for stein og røtter, slik at all hausting kan foregå med traktor. Grunneigar Wilhelm G. Aamodt er død, og eigedommen er testamentert til Romsdalsmuseet. Betre informasjon om Veøy og samarbeid med den nye grunneigaren er nødvendig.

2.4.2. Tiltak

Etter avtale med Molde kommune, disponerer vi vaktmeister i 3 mnd i vekstsesongen. Dette har gjort at arbeidet med maskiner og rydding kan utvidast, og drivast på ein meir rasjonell måte enn før. Med ein fast tilsett som er maskinkyndig, kan det også kjøpast inn eigna hausteutstyr som vil effektivisere arbeidet.

2.4.3. Resultat

Samarbeidet med den nye grunneigaren, Romsdalsmuseet, førte i 1991 til langt større aktivitet enn planlagt. Naturforvaltninga sin del av "Arbeid for trygd-pakka" gjorde det mogleg å auke innsatsen vesentleg. Restaurering av kulturlandskapet og oppattbygging av det gamle driftsbygget på prestegarden medførte ei samla utgift på ca 1,2 mill. kroner. Ein vesentleg del av dette er betalt av "Arbeid for trygd", Romsdalsmuseet og Molde kommune. Berre kr 62.000,- er nytta av forvaltingsbudsjettet. Både problemet med reiskapshus og sanitæranlegg er dermed løyst. Ordninga med Molde kommune om framleige av ein vaktmeister i 3 mnd om sommaren gikk ikkje i orden, men vi håpar på at ordninga kan fortsette i 1992. Orkanen 1. nyårsdag førte berre til små skadar på bygningane, men det gikk mykje verre med ein del store parktre og særleg naturskogen i verneområdet. Vernereglane blir nok noko vanskeleg å etterleve bokstaveleg da noko ryddearbeid må gjennomførast, både pga. ferdsel og estetikk.

2.5. NASJONALPARKUTREDINGA

Statens Naturvernråd la fram si nasjonalparkutreding (NOU 1986:13) med forslag om nasjonalparker i Sunndalsfjella, Reinheimen og Geiranger-Herdalsområdet. I tillegg vart det foreslått oppretta landskapsvernområde rundt nasjonalparkane. I 1988 sendte Fylkesmannen ut forslag om å opprette ein nasjonalpark og fire landskapsvernområde i Reinheimen, Rauma og Norddal kommunar, på høyring.

2.5.1. Mål

I februar 1990 vart Fylkesmannen si tilråding og oppsummering av høyringsrunden om oppretting av Reinheimen nasjonalpark og fire landskapsvernområde oversendt til MD. I tilrådinga foreslo Fylkesmannen å utvide Romsdalen landskapsvernområde vesentleg utover det forslaget som gikk på høyring, slik at ny høyring må til. Målsettinga med det utvida verneforslaget var å sikre heilskapen i natur- og kulturlandskapet i Romsdalen.

2.5.2. Tiltak

For å førebu ny høyring, vart det oppretta eit lokalutval som har halde 3 møte og ei synfaring. Det er og tatt initiativ til eit prosjekt for å finne løysingar på konfliktene mellom skogbruk og landskapsvern. Fylkesmannen har bede MD om å innføre rikspolitiske bestemmelsar også for landskapsvernområda.

Når det gjeld dei andre aktuelle store verneområda frå nasjonalparkutgreiinga (NOU 1986:13), har det vore noko oppfølging i samband med enkeltsaker i dei aktuelle områda for å sikre verneinteressene. Det har vore fleire møte for å finne løysingar på utbyggingsplanar i Skrymtheimen (Sunndalsfjella), Turisthytter, alpinanlegg og hyttebygging. Det har ikkje vore reell framdrift i planene om ein nasjonalpark på Hustadvika, men stadige presseoppslag held saka varm.

2.5.3. Resultat

Arbeidet med å klargjere konflikten med næringsinteressene i Reinheimen og Romsdalen landskapsvernområde har halde fram. Det er utført to hovudoppgåver ved NLH, der målsettinga er å utarbeide ein forvaltingsplan for kulturlandskapet og dei økonomiske konsekvensane for skogbruksnæringa ved ulike restriksjonsnivå i Romsdalen landskapsvernområde. Da desse utgreiingane ikkje låg føre i 1991, vart ikkje lokalutvalarbeidet avslutta og det nye framlegget til grenser og vernereglar sendt ut på lokal høyring.

Stortingsmeldinga om nye nasjonalparker og store verneområde er fortsatt ikkje handsama i Stortinget. Det har derfor ikkje vore arbeidd med "Skrymtheim", Sunndalsfjella, Hustadvika eller Geiranger/Herdalsområdet i 1991.

2.6. FORVALTING AV VERNA OMRÅDE

Prosessen fram til endeleg vern av område er lang, men arbeidsmengden etter vern er enno større. Verneområde skal merkast opp med grensemerker og verneskilt, det skal etablerast ei oppsynsordning, og for mange av områda er det nødvendig med informasjonstiltak for ålmenta. I nokre av områda må ein og gå inn med skjøtselstiltak for å sikre eller restaurere verneverdiane.

2.6.1. Mål

På grunn av pengemangel er det ikkje etablert oppsynsteneste i alle verneområda. Etter vår vurdering er dette svært uheldig, ikkje minst for å innarbeide eit godt samarbeide med grunneigarane. Sluttføring av arbeidet med grensegang/merking og opplysningsskilt i alle verna område, er topprioritert. Så langt pengane rekkjer, er det i tillegg rekna med ulike nødvendige skjøtselstiltak i dei mest utsette områda. Dette gjeld i første rekkje Runde fredingsområde, der den store turisttrafikken fører med seg stor slitasje på naturen. Det er svært viktig å fortsette arbeidet med å etablere faste oppsynsordningar og å lage forvaltingsplanar i dei områda som kjem i konflikt med andre interesser.

2.6.2. Tiltak

Om formålet med vernet skal haldast ved like, må det etablerast funksjonelle oppsynsordningar i det enkelte vernområde. Derfor må det utarbeidast ein forvaltingsplan der kostnadene med oppsynet er vurdert med tanke på samordning av desse tenestene i oppsynsregionen. Mange av områda ligg slik til at det er svært vanskeleg, både med tanke på kostnader og effektivitet, å etablere felles oppsyn som omfattar fleire område. Etter ei samla vurdering har vi planlagt at oppsynstenesta i fylket blir organisert i 22 regionar. Desse områda er lista opp i vedlegg nr 2. Samla kostnad for 1991 er kr 903.063,-. Budsjettet for 1991 er kr 1.081.000,-.

2.6.3. Resultat

Vi har heller ikkje dette året fått nok pengar til å etablere oppsyn i alle verneområda. Etter vår vurdering er det svært uheldig at det ikkje blir etablert oppsyn straks etter at vernevedtak er fatta, ikkje minst for å innarbeide eit godt samarbeid med grunneigarane. Strenge budsjetttrammer gjer også at informasjonsarbeidet ligg langt etter det som er nødvendig.

Det er laga nye informasjonstavler for Djupvikvatnet/Kringlevatnet naturreservat i Sula og Ratvikvatnet/Lerstadvatnet i Ålesund. I samanheng med "Arbeid for trygd-pakka" er det gjennomført viktige skjøtselstiltak i enkelte område. Vi har i 1991 hatt mange mindre inngrep i dei verna områda, og i tre tilfelle var desse så omfattande at dei er melde til politiet for etterforskning. Skadar og ulemper i samanheng med orkanen 1. nyårsdag er store, men full oversikt over omfanget ligg ikkje føre pr. dato.

2.7. INNGREPS- OG AREALPLANSAKER

Etter føremålsparagrafen i plan- og bygningslova er vern om naturressursar jamnstilt med bruk. Lova er såleis sentral for å kunne styre inngrep og forvalte areal- og naturressursane våre. Miljøvernavdelinga uttaler seg om arealplanar som blir utarbeidd av kommunane, og prøver å få kommunane til å ta rimeleg omsyn til natur- og miljø.

2.7.1. Kommuneplanar og kommunedelplanar

Arbeidet med oversiktsplanlegging går framover, men det er framleis fleire kommunar som ikkje har godkjend kommuneplan (arealdelen), og som i liten grad kan styre naturressursbruken utanfor detaljplanområda. Vi har ikkje detaljert innsikt i korleis kommunar med godkjend kommuneplan følger desse opp i praksis, men vi har inntrykk av at i nokre kommunar er dispensasjon frå vedteken plan ofte vel så aktuell praksis som det å iverksette vedteken plan. Ei av forklaringane kan vere at vedteken arealdel har for liten forankring i bygningsråda.

Tabell nr 3 viser oversiktsplanstatusen og miljøvernavdelinga si førehaving av kommuneplanar og kommunedelplanar (inkludert kystsoneplanar) i 1991. Oversiktsstatusen gjeld også planar godkjend før 1991. Ålesund kommune er ikkje ferdig med kommuneplanen, men har nokre godkjende kommunedelplanar. Kystsoneplanstatusen skil ikkje mellom kystsoneplan som kommunedelplan og plan for kystsona som ein del av kommuneplanen.

Nokre av oversiktsplanane fekk vi til endeleg fråsegn før vi fekk høve til å delta i planprosessen slik som føresett i plan- og bygningslova. Fylkesmannen fann i første omgang å måtte gå imot at slike planar blei sluttbehandla i kommunestyra. Desse kjem inn under kolonne 3 (*Innspel, førebels behandling*). I nokre kommuneplanar er einskilde miljøkonfliktar avklarte, mens andre framleis er uavklarte.

Tabellkolonna som viser motsegner som måtte sendast til Miljøverndepartementet, gjeld einskildområde i kommunane Frei og Volda. Ein kommuneplankonflikt blei i året som gjekk, løyst gjennom Miljøverndepartementet ved at kommunen (Sykkylven) gjekk bort frå det opprinnelege planframlegget.

2.7.2. Regulerings- og bebyggelsesplanar

Tabell 4 viser vår førehaving av detaljplanar. Dette gjeld både planar i samsvar med og i strid med i eventuell godkjend oversiktsplan. Tabellen inneheld ikkje direkte opplysningar om våre innspel og deltaking i planprosessane på eit tidleg stadium, men i nokre av sakene fann vi å måtte reise "førebels motsegn" til plangodkjenning for å rette opp feil saksførehaving. Dette for å kunne få fram våre faglege innspel tidleg i saksprosessen før planløyvinga blei fastlåst. Slike saker kjem inn under kolonne 3. (*Motsegn, men semje etter dialog/nye opplysningar.*)

Etter tabellen blei 3 (1,6 %) av detaljplanane vi hadde til førehaving sendt Miljøvern-departementet på grunn av miljøfagleg konflikt som ein ikkje klarte å løyse på fylkesnivå. Departementet avgjorde i løpet av året 5 reguleringsplankonfliktar ved å ta til følgje mot-segnene frå fylkesmannen.

2.7.3. Andre plan- og inngrepssaker

Vi har også hatt einskildsaker etter plan- og bygningslova og saker etter veglova til fråsegn. Den mest omfattande vepsaka gjaldt Kyststamvegutgreiinga.

2.7.4. Mål

I arealsaker legg vi vekt på at miljøverninteressene skal få ei meir overordna rolle, og særleg gjennom kommunalt oversiktsplanarbeid. Det er eit mål å verne om genetisk mangfald og biologisk produksjon. Vi ser behov for at kommunal planlegging i høgare grad må vere i stand til å møte slike og andre rammevilkår som internasjonale og nasjonale miljøutfordringar inneber.

Etter virksomhetsplanen for avdelinga er det eit prioritert mål å betre forvaltninga av dei natur- og kulturverdiar som er knytt til kyst- og fjordområda i fylket, slik at omfang, funksjon og variasjon av desse verdiane kan oppretthaldast. Vi har såleis lagt større vekt på å unngå utbygging og andre naturinngrep i og ved overgangssona sjø/land, samt å sikre biologisk høgproduktive område som våtmark, elvemunningsområde, strandengar og andre naturelement av vesentleg verdi for dyre- og plantelivet.

Vi har vidare lagt vekt på at byar og tettstadar må utviklast med meir tilfredsstillande miljøstandard med omsyn til bumiljø, utbyggingsmønster, transportsystem, bustadnært friluftsliv, naturvernomsyn, mindre vegtrafikkstøy og luftforureining.

2.7.5. Tiltak

Miljøvernnavdelinga har først og fremst arbeidd for å nå måla gjennom førehavinga av kommuneplanar og reguleringsplanar. Vi har lagt vekt på å informere planleggarar om miljøfaglege spørsmål tidleg i einkvar planleggingsfase. I dette arbeidet er vår natur-dataserie sentral. I arealsaker legg vi elles vekt på eit godt samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune. I brev til fylkeskommunen har vi mellom anna bede om at område for golfbaneanlegg blir vurdert gjennom fylkesplanlegginga.

2.7.6. Resultat

Resultatet for miljø og natur ved forvaltning etter plan- og bygningslova har variert. Det blei i prinsippet gjeve medhald i alle konfliktsakene, der det lå føre miljøfagleg motsegn frå fylkesmannen, og som blei avgjort i departementet i løpet av året. Dette gir signal om at kommunane ikkje i tilstrekkeleg grad følgjer opp nasjonalt ambisjonsnivå.

Konfliktane gjeld til vanleg arealsaker som rører ved område det er knytta internasjonale, nasjonale eller regionale verne- og friluftsinnteresser til, og/eller som gjeld rikspolitiske retningslinjer og føresegnar som 100-metersbeltet langs sjøen, rikspolitiske retningslinjer

for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga og retningslinjene frå Miljøvern- departementet om vegtrafikkstøy.

Dei rikspolitiske retningslinjene for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga har blitt ein viktig reiskap for å verne om regulerte friområde, men dei blir i for liten grad brukt på ein offensiv måte i planlegginga,- som til dømes gjennom kommuneplanlegginga.

Vi ser behov for at både private og kommunale planleggjarar blir betre kjente med det faglege grunnlaget for slike retningslinjer, og at kommunale saksutgreiingar konkret vurderer planlagt arealbruk ut frå nasjonale føresegner og retningslinjer. Det er alt for mange plan- saker som får unødvendig lang sakshandsamingstid på grunn av slik unnlating.

Det siste året har vi merka ei auka satsing innan turistnæringa. Dette fører til eit sterkt press for å utvikle turistanlegg og med særleg vekt på å auka overnattingskapasiteten. Etter framlegg til ny reiselivsplan for Møre og Romsdal er målet å satse på aktivitets- og opplevelsestilbod i staden for å bygge ut spise- og overnattingskapasiteten. Reiselivsplanen legg vidare opp til at natur og miljø skal vere ein rammeføresetnad for utvikling av næringa.

Vi ser ei urovekkande utvikling i at det vert planlagd utbygging i sårbare og attraktive område der dei natur- og landskapsverdiar som det er ønskeleg å vise fram for turistane, blir reduserte eller øydelagde. Dette gjeld ofte utbygging i urørt natur. Vi har inntrykk av at i det praksis manglar ein mer konkret strategi på dette feltet på regionalt/lokalt hald ut over det å støtte opp om eitkvart utbyggingsinitiativ. Dersom ein skal unngå forflating av naturopplevinga, ser vi eit klart behov for ein meir nøktern presentasjon av natur- og kulturlandskapet. Dette er ein presentasjon som mellom anna bør bygge på naturens eigenart og meir kvalitets-bevisst og fagleg forsvarleg arealplanlegging på oversiktsplannivå. Vi må såleis etterlyse ei meir målretta kommunal styring av turistnæringa. Vi har vore inne i fleire konfliktsaker som gjeld utbygging av hytte- og turistanlegg i naturområde som vi meiner det heller burde vernast om. Eit klassisk døme er byggeområde i strandkanten. I slike samanhengar savner vi meir omtanke for til dømes tilrettelegging av allmenn tilkomst til fri strand og sjø og initiativ for å sikre mest mogleg samanhengande fri ferdsel langs fjord og hav. Lovreglane våre om ferdselsretten i utmark, er nærmast eineståande i internasjonal samanheng, og dei burde på ein heilt anna måte ha vore lagt til grunn i turistplanlegginga for å spore til fysisk aktivitet som ein del av naturopplevinga.

2.8. INFORMASJON, EDNA/FRIDA

EDNA er eit register over naturvernområder i fylket, og FRIDA er eit liknande register over friluftsområde.

2.8.1. Mål

Det er meininga at desse registra skal bidra til å auke kunnskapen om natur og friluftsliv både hos politikarar/-administrasjonane, og hos ålmenta.

2.8.2. Tiltak

Det er stadig minna om dei kartfesta registreringane vi har sendt ut til kommunane under den løpande kontakten i plansaker og andre saker. Det er sett igang arbeid med å utarbeide informasjonstavler og brosjyrer for verneområda.

2.8.3. Resultat

Miljøvernavingdelinga sendte 08.05 i fjor ut brev til alle kommunane i fylket der vi ba om innspel i samband med revideringa av naturatlas, dvs registreringar av område av verdi for friluftsliv, vilt og naturvern i kommunane. Dette er eit registreringsarbeid som mellom anna er eit viktig fagleg grunnlag for arealdelen i kommuneplanene.

Av dei 38 kommunane i Møre og Romsdal var det berre to (Molde og Sula) som gav tilbakemelding innan svarfristen 26.06 same år. Til tross for fleire purringar har 10 kommunar enno ikkje sendt fagleg innspel til miljøvernavingdelinga. Dette gjeld kommunane Aukra, Gjemnes, Haram, Nesset, Norddal, Sandøy, Smøla, Stranda, Ulstein og Vanylven. Dei andre kommunane har etter kvart gitt tilbakemelding med ulik kvalitet. Det går fram av kommentarane at fleirtallet av kommunane har gitt arbeidet lav prioritet. Men ein del har og arbeidd grundig med saka og har gitt gode og utfyllande opplysningar. Vi vil framheve desse kommunane spesielt for godt utført arbeid: Aure og Sula.

For å få eit best mogleg datagrunnlag, har vi også oppmoda kommunane til å ta kontakt med interesseorganisasjonar og lag som har god kjennskap til naturen og friluftslivet i kommunen som m.a. Jeger- og fiskerforeiningar, skolar og turlag. Miljøvernavingdelinga har sjølv tatt kontakt med slike lag og utval i dei kommunane som ikkje har gjort dette.

2.9. TRUA OG SÅRBARE ARTAR

Det praktiske naturvernarbeidet gjeld og omsynet til fåtalige og sjeldne plante- og dyreartar. Dette er artar av ulike kategoriar:

1. Direkte trua - er artar som står i fare for å døyt ut eller bli utrydda. Dei har små sjansar til å overleve om negative faktorar får høve til å virke slik at livsmiljøet blir øydelagt, reproduksjonen sviktar eller den årlege døyinga aukar.
2. Sårbar - er artar i tilbakegang, men framleis i etter måten bra bestandar. Dette er artar som raskt kan gå over i gruppe 1 dersom eksisterande eller nye, negative faktorar får virke over tid.
3. Usikker - omfattar artar der kunnskapsgrunnlaget er dårleg, men der det er grunn til å tru av negative faktorar har virka inn slik at bestanden er i tilbakegang.
4. Sjeldne - er artar som aldri har hatt store og tette bestandar fordi dei har spesielle miljøkrav. Dei opptre ofte i anten tynne bestandar eller i svært avgrensa, geografiske område som gjer at dei lett kan bli påvirka av negative faktorar.

Den klimatiske og topografiske spennvidda i Møre og Romsdal gjev livslivkår for mange plante- og dyreartar som kjem inn under kategorien "Trua og sårbar". For nokre artar og grupper er kunnskapen om tilstanden innan fylket etter måten god. For mange, særleg lågareståande dyr, men og plantar eller plantegrupper, er det store manglar i kunnskapen.

Ei oversikt over nokre trua eller sårbare plantar og dyr som er å finne i Møre og Romsdal, er tatt med som vedlegg nr 1.

2.9.1. Mål

Måla for arbeidet med trua og sårbare artar er:

1. Å skaffe fram tilfredsstillande kartlegging av det som finst av desse artane i Møre og Romsdal.
2. Klarleggje kva problem desse artane står overfor i fylket, kva som er den naturgjevne situasjonen og kva som truar.
3. Få ei forvaltingsmessig vurdering av korleis artar og bestandar kan tryggast.

2.9.2. Tiltak

Med utgangspunkt i dei oversyn over trua og sårbare artar som finst i Noreg, vil det vere nødvendig:

- I. Systematisk å kartleggje artar, bestandar og utbreiing av dei ulike artane i fylket.
- II. Iverksette forvaltingsmessige tiltak for:
 - a) innarbeiding av omsynet til desse artane i arealbruksplanar generelt og i samband med ulike, menneskelege aktivitetar
 - b) fremme områdevern for lokalitetar og område som har særleg viktig funksjon for trua og sårbare artar
 - c) artsvern for aktuelle artar utafor områdefreda lokalitetar

Det er i arealplansaker og i ein del andre samanhengar, særleg vegbygging, skogsvegbygging og skogdriftplanar og lokalisering av fiskeoppdrettsanlegg lagt vekt på omsynet til sårbare og trua dyre- og fugleartar. I dei konkrete sakene er det ofte spørsmål om omsyn til hekkeplassar for havørn, koloniområde for sjøfugl og hiplassar for oter. I nokon mon er det og påstandar om skade på fiskeoppdrettsanlegg av toppskarv og gråhegre, som begge er blant dei norske fugleartane i denne gruppa.

Tiltak som er gjennomført er å finne som vedlegg nr. 2.

2.9.3. Resultat

I alt blei det gjort undersøking av seks fugleartar og to pattedyrartar. Fire generelle overvakingsprosjekt blei også gjennomført i 1990. Sjå vedlegg nr. 3.

3. FRILUFTSLIV

Møre og Romsdal har eit rikt tilbod på gode friluftsområde. særleg er turområda av god kvalitet. Gode badeplassar er det færre av, og inne i fjordane er ofte elveosane dei einaste gruntområda som høver til bading. Båttutfarten i fylket er stor, og dei fleste kommunar har eller vil få tilbod om gjesteplassar i småbathamner. Opparbeidde landstigningsplassar på populære utfartsholmar er mangelvare, likeeins gode sanitærløysingar for båtfolket. Å sikre og tilrette nærområde for friluftsliv i byar og tettstader har høg prioritet i miljøforvaltninga. I praksis er dette eit vanskeleg arbeid, da mange av dei attraktive nærområda og er attraktive for utbyggingsformål.

Målsettinga med det offentlege friluftslivsarbeidet er å sikre attraktive friluftsområde mot uønska inngrep, og å bidra til at fleire kan auke friluftslivsaktiviteten sin.

For delar av sunnmøre er det eit aktivt interkommunalt friluftsråd, som får gjennomført mange gode tiltak. Dei fleste kommunane legg lite arbeid i friluftslivssaker, og ein saknar ei organisering i interkommunale friluftsråd for resten av fylket.

Motorferdsel i utmark er eit lite problem i Møre og Romsdal. Kommunane har mynde til å gi dispensasjonar frå motorferdselsloven, og fylkesmannen er klageinstans. 3-4 klagesaker vart behandla i 1990.

I dei aller fleste kommunane er motorferdsel i utmark eit lite problem. Fylkesmannen har tilsyn med dispensasjonspraksisen i kommunane. Nokre av kommunane fekk merknader, og 3-4 klagesaker vart behandla av fylkesmannen.

3.1. HANDLINGSPROGRAM FOR FRILUFTSLIVET

Handlingsprogram for friluftslivet omhandlar status for friluftslivet i Møre og Romsdal, og trekkjer opp dei generelle retningslinjene for offentleg friluftslivsarbeid. Handlingsdelen av programmet er budsjett for investeringar på friluftssektoren over ein fire-årsperiode. Handlingsprogrammet er utarbeidd og vert revidert av Miljøvern-avdelinga, og vert politisk behandla i Miljø- og planutvalet i fylkeskommunen.

3.1.1. Mål

Målsettinga med Handlingsprogram for friluftslivet, er å informere kommunane om sentrale målsettingar i friluftslivsarbeidet, samt budsjettere dei statlege tilskottsmidlane til friluftslivformål.

3.1.2. Tiltak

Handlingsprogrammet fikk sin fire-årige revisjon i 1990 etter ein høyringsrunde i kommunane.

Resultat

Da berre halvparten av kommunane sendte inn framlegg til handlingsprogrammet for friluftslivet i 1990, hadde avdelinga vanskar med å slutføre rulleringsarbeidet. Også "Arbeid for trygd-pakka" gjorde det nødvendig å prioritere kommunar med gode prosjekt sjølv om dette ikkje var i samsvar med handlingsprogrammet. Det blir derfor nødvendig å omarbeide heile programmet i 1992.

I samsvar med retningslinjer frå DN vert tilkomst og opparbeiding no prioritert. Dette gjeld i første rekkje mindre bruksområde i gangavstand til busetnaden.

3.2. TILSKOTTSSAKER

Det er framleis stor interesse og stort behov for statlege midlar til planlegging, sikring og opparbeiding av friluftsområde. Posteringsfullmaktene på kap. 1427 postane 31.2 og 62 dekkjer ikkje meir enn ca. 10% av søknadene.

3.2.1. Mål

Det er eit overordna mål at sikring av areal til friluftslivet skal prioriterast gjennom planføresegner i Plan- og bygningsloven, og ikkje ved kjøp av område. Prioritering av det enkle og lite kostnadskrevjande friluftslivet vil også føre til ei utvikling i den retning.

Målsettinga med tilskottsordningane for friluftslivet, er å sikre og tilretteleggje særskilte viktige område for friluftslivet. Fleire stader må det løyvast midlar for å få tilkomst til friluftsområde dersom friluftsbuena kjem i konflikt med grunneigarane sin bruk av områda. Det blir og løyvt pengar til planlegging av friluftslivstiltak.

Tiltak

Det er i alt fem 5 søknader om heil dekning av utgiftene ved kjøp av friluftsområde på post 30, og ingen om tilskott til kjøp på post 62. Til planlegging og opparbeiding er det fem 22 søknader om heil dekning av utgiftene på post 31.1 og 19 søknader om tilskott på post 62. Dei fleste søknadene er gode prosjekt i samsvar med hovudmålsettinga for arbeidet med tiltak og allmenta sin bruk av naturen i friluftssamanheng, sjå tabell nr. 5.

3.2.2. Resultat

Dei fleste søknadene om kjøp av område er løyvt pengar i samsvar med tilrådinga vår til DN. Enkelte søknader er avslått p.g.a. kostnadsnivået, og andre fordi dei aktuelle areala kunne vore sikra med bruk av Plan- og bygningslova.

Når det gjeld søknader om heil eller delvis dekning av utgifter til planlegging og opparbeiding, vart berre 9% tildelt pengar i 1991. DN har signalisert at det ikkje vil bli vesentleg auke i rammene i åra framover. Friluftslivinteressene må derfor oppprioriterast i kommunane sin arealplanlegging, og i andre etatar sine planer som har konsekvenser for friluftslivet.

3.3. ARBEID FOR TRYGD

Fylkesmannen vart i 1991 tildelt i alt 230 månadsverk av naturforvaltinga sin del av "Arbeid for trygd" - pakka frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet. På grunn av pengemangel har arbeidet med tilrettelegging av friluftsområda vore nedprioritert dei siste åra, både kommunalt og statleg. Berre ca 10 % av den samla søknadsmassa på denne sektoren har fått løyvd pengar, slik at det var lange ventelister med gode prosjekt som kunne settast igang.

Avdelinga innsåg fort at det ikkje var kapasitet til å følgje opp tiltaket. Det vart derfor engasjert prosjektleiar i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune. Det vart i alt gjennomført 12 prosjekt, med tilsaman 222 månadsverk til ein samla kostnad på kr 4.340.000. Av dette betalte arbeidsmarknadsetaten kr 3.264.000,- (sjå tabell nr 6)

I tillegg til organiseringa av "Arbeid for trygd"-pakka har også prosjektleiar koordinert og rettleia kommunane i disponeringa av dei ekstra-ordinære "Sysselsettingspakkane" som Miljøverndepartementet har tildelt direkte til den enkelte kommune i 1991.

Organisasjonsforma med Fylkesmannen som arbeidsgjevar og skattefuten som lønsutbetalar var svært krevjande, både for rekneskapskontoret i Miljøvernavdelinga og lønsavdelinga hos Skattefuten. Både dei mange "aktørane" som skal delta i sjølve organisasjonsprosessen, og vanskar med å skaffe stabil og erfaren arbeidskraft, vanskeleggjorde gjennomføringa av heile opplegget. Sjølv med eigen prosjektleiar er gjennomføringa av slike "pakkar" så kompliserte og arbeidskrevjande at det må finnast fram til andre modellar for overføring av midlar frå staten til konkrete tiltak i kommunane.

4. VERN MOT FORUREINING

Møre og Romsdal er orientert mot sjøen. I ytre område er det mange øyar. Fjordane trenger seg innover og deler opp fylket ytterlegare slik at mesteparten av busetnad og aktivitet skjer nær sjøen. Dei åpne kystområda og dei større fjordsystema har vanlegvis gode straum- og utskiftingstilhøve, men er og delvis avstengde terskelfjordar og pollar som er svært sårbare for forureining. Sunndalsfjorden og Aspevågen har høge innhald av miljøgifter. Vi har og mange store og fleire små vassdrag. Dei større vassdraga er gjennomgåande lite forureina. Dei mindre vassdraga er oftare påverka av utslepp. Spesielt gjeld dette i intensive jordbruksområde. Bortsett frå lokale effektar i samband med industri, er det lite verknader av luftforureining i Møre og Romsdal. Aukande trafikk i kombinasjon med randbebyggelse langs sterkt trafikkerte vegar fører til at relativt mange menneske er plaga med vegtrafikkstøy.

4.1. TILSTANDSRAPPORT FOR VASSFORUREINING

Tiltak mot vassforureining blir bestemt på grunnlag av resipientforholda. Relativt gode resipientforhold i fylket fører til moderate krav til tiltak og høve til fortsatt vekst av visse næringar (fiskeoppdrett). Kunnskapen vår om naturtilstand og forureiningsverknader er likevel svært avgrensa.

4.1.1. Mål

Ut frå dei generelle måla for forureiningspolitikken her i landet, må arbeidet med tiltak mot vassforureining baserast på å verne om naturen si evne til produksjon og sjølvfornyng, samt å sikre at forureining ikkje skader helsa til folk, evt. går ut over trivselen.

Det er utarbeidd kvalitetskrav for ferskvatn, avhengig av bruksmåte. For sjøvatn er det ikkje fastsett kvalitetskrav. Det vil såleis vere aktuelt å nytte "minst mogleg avvik frå naturtilstanden" som mål for mange vassforekomstar.

4.1.2. Status

Dei fleste sjøområda i fylket er lite påverka av forureining. I mange terskelfjordar og pollar er det periodisk eller permanent kritiske oksygentilhøve i djupvatnet. Dette kan vere ein naturleg situasjon som i hovudsak er bestemt av fysiske forhold, eller det kan skuldast sivilisatorisk påverknad i form av utslepp av kloakk og avrenning frå landbruk. Mange mindre vassdrag (innsjøar, bekkar) er vesentleg påverka av forureining og har redusert verdi når det gjeld vassforsyning, rekreasjon/friluftsliv (sportsfiske og anna). Forureiningssituasjonen er dei siste 10 åra blitt betre i mange vassdrag.

I tillegg til meir kjente verknader av forureining frå kloakk og landbruk, er m.a. Sunndalsfjorden sterkt påverka av utslepp frå industrien (Sunndal verk). I dette området skjer utsleppet i form av tjørestoff (PAH) som har ført til at folk blir frårådd å ete skaldyr og fisk som lever i fjorden.

I Aspevågen i Ålesund kommune er det i 1990 registrert at det framleis blir tilført nokså mykje giftige tungmetall (mellom anna kvikksølv), og situasjonen har ikkje endra seg sidan den førre granskinga i området (1976-77).

Mange fryktar at spreining av smittestoff frå fiskeoppdrettsanlegg og bruk av antibiotika og kjemoterapeutika i desse anlegga, påverker omgjevnaden i vesentleg grad, og ingen kjenner konsekvensen av denne forureininga.

I 1991 er det registrert oppblomstring av giftproduserande blågrønalgar i ein innsjø i fylket (Bergemsvatnet i Tingvoll kommune). Det er elles ikkje rapportert om anna masseoppblomstring av planktonalgar i vassdrag eller sjø i dette tidsrommet.

4.2. KOMMUNAL KLOAKK

Oppsummering av kommunale kloakkrammeplanar viser at det er nødvendig å investere meir enn 500 mill. 1990-kr i oppryddingstiltak i fylket. Tidlegare har ein i hovudsak prioritert transportsystem og samling til hovudutslepp. No legg ein stadig meir vekt på bygging av reinsetiltak for å ha kontroll med ulempene der utsleppa skjer.

4.2.1. Mål

Den nasjonale målsettinga er å få gjennomført opprydding på kloakksektoren innan år 2000. Dette betyr sanering av utslepp, overføring til gode resipientar/utsleppstader og nødvendig reinsing. For utslepp til ferskvatn er det krav om høggradig reinsing, medan det for utslepp i gode sjøresipientar er krav om sil eller slamavskillar. Slammet frå reinsinga må disponerast slik at det ikkje fører til ulemper, helst utnyttast innafor jordbruket.

4.2.2. Tiltak

Kloakkutbygginga bør skje på grunnlag av planar og utsleppsløyve etter forureiningslova. Ein vesentleg del av arbeidet i VAR-gruppa er å initiere kloakkrammeplanar, utslepp-søknader, samt gje utsleppsløyve og behandle finansieringssøknader for kommunale kloakkar. I 1991 blei det gitt tilsagn om tilskott til revidering av ei kloakkrammeplan. Fleire kommunar utarbeidde/reviderte kloakkrammeplanar på grunnlag av tilsagn i 1990. Vidare blei det gitt tilsagn om statleg finansieringsbistand til ei rekkje oppryddingsprosjekt. Total kostnadsramme for desse var 50,891 millionar kroner. (Sjå tabell nr 7)

Den statlege finansieringsramma har auka betydeleg dei siste åra. Den dekkjer likevel ikkje behovet fullt ut i forhold til planane/aktiviteten i kommunane og er framleis for knapp til å mogleggjere den nasjonale målsettinga om full opprydding før år 2000.

I 1990 blei det sett igang eit felles planarbeid med å få til løysingar for behandling av kloakkslam i fylket. Arbeidet blei vidareført i 1991. Det blei konkludert med at regionale mobile avvatningssystem var mest interessante. Det blei halde regionale møte og sett i gang arbeid med regional vidareføring med sikte på iverksetting av ordningar i løpet av 1992. Tabell 9 viser oversikt over slamproduksjon i Møre og Romsdal.

Fylkesmannen førebudde i 1991 vedtak om tvungen slamtømming i kommunane i Møre og Romsdal.

I 1990 blei det vedtatt forskrift som sett krav om at arbeidsleiarar for arbeid med kloakkleidningar skal ha ADK1-sertifikat. Det blei oppretta kurstilbod på Vestnes Vidaregåande Skole. I 1991 gjennomførte 114 personar kurset. 79 personar står på venteliste ved årets slutt. Dei som står på venteliste, får dispensasjon frå kravet i forskrifta inntil kursstart. 38 personar har ikkje møtt opp ved kursstart og har dermed ikkje lenger dispensasjon. 14 har særskilt dispensasjon for å ta kurs for stikkleidningar. Figur 1 viser fordeling av kursdeltakarar m.v. ved kursstaden i Møre og Romsdal: Vestnes vidaregåande skole.

4.2.3. Resultat

Dei fleste prosjekta som fekk tilskot i 1991, er set igang. Dei inneber sanering av utslepp som fører til lokale ulemper og bygging av kloakkar der slike manglar eller ikkje har tilfredsstillande standard. Det kjemiske reinseanlegget på Åse i Ålesund blei sett i prøvedrift før jul i 1991. Dette reinseanlegget vil bidra til sterk reduksjon av restutsleppa til Borgundfjorden/Åsefjorden. Tabell 10 viser ei oversikt over større reinseanlegg i Møre og Romsdal.

4.3. LANDBRUKSFORUREINING

Fylket vårt er blant dei som har størst gras- og mjølkeproduksjon i landet. På mange gardsbruk utgjer derfor silopressaft (grassaft) og gjødsel eit alvorleg forureiningspotensiale for vatn og vassdrag.

4.3.1. Mål

Målsettinga er å få landbruket i økologisk balanse og få ei bærekraftig utvikling basert på miljøriktig ressursforvaltning. Fylkesmannen har sett opp ei prioriteringsliste over vassdrag og sjøområde for tiltak i landbruket. På bakgrunn av denne prioriteringslista blir investeringsrammene for tekniske miljøtiltak i landbruket for fylket disponert. Dei mest kostnadseffektive tiltaka for å få bukt med forureininga blir prioritert først.

Det er eit mål at utslepp og forureining frå landbruket blir redusert slik at vassdraga får ein vasskvalitet slik at laks og aure kan reprodusere og vekse opp. Gjødselspreiing skal og skje på ein måte som ikkje fører til urimelege luktulempar eller helsefare.

4.3.2. Tiltak

Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet avtalte i 1989 at den ytre landbruksetaten, dvs fylkeslandbrukskontoret og landbrukskontora i kommunane, skal få eit større ansvar for oppfølging av miljøvernssatsinga innafor landbruket. Som ein følge av dette skal landbrukskontora i fylket, som ei prøveordning i tre år frå 01.01.92, ta over all kontroll med forureining frå landbruket. Dei skal kontrollere bruکا, peike på manglar, gje pålegg og sette frist for gjennomføring.

Fylkesmannen fylgde i 1991 opp med kartlegging av forureiningssituasjonen i fleire vassdrag i fylket. Granskinga gir ei oversikt over vasskvalitet og tilgroing og vil bli fulgt opp over fleire år, spesielt for å registrere effektane av gjennomførte tiltak.

I 1989 kom det ny forskrift om husdyrgjødsel. Det blei sett forbod mot spreing utanom vekstsesongen. Spreing og umiddelbar nedpløying er fortsatt tillatt. Hausten 1990 delegerte Fylkesmannen mynde til å gje dispensasjon frå § 5 i Husdyrgjødselsforskriftene til jordbrukssjefen i kommunen fram til 1992. Samstundes blei det laga retningslinjer for korleis gjødsla skulle disponerast.

4.3.3. Resultat

Overvaking av ca. 70 vassdrag i 1991 viser eit bra resultat når det gjeld landbruksforureining. Det var tydeleg forureining i berre eit fåtal av vassdraga. Lite nedbør og dermed lite grassaft tidleg på sumaren kan medverke til resultatet.

Våren og hausten 1991 har jordbrukssjefane gitt 200 dispensasjonar frå spreieforbodet i § 5 i forskrift om husdyrgjødsel. Det er i samme storleiksorden som hausten 1991. Om lag ein tredjedel av dispensasjonane blei gjeve på våren, dei fleste i første halvdel av mars. Dei dispensasjonane som vart gitt om hausten blei hovudsakleg gitt i september og oktober. Alle desse dispensasjonane gjeld spreing. Berre ein har fått dispensasjon til å leggje gjødsla i deponi fram til våren. Nokre av dispensasjonane er gitt på grunn av uhell med vatn i gjødselkjellaren. Over halvparten av alle dispensasjonane er gitt til gardbrukarar med for liten gjødsellagerkapasitet. Mange har gitt som grunn at dei ikkje har fått køyrt ut gjødsla si på grunn av dårleg vêr. Samstundes er det ei kjennsgjerning at mange gardbrukarar fortsatt disponerer husdyrgjødsla etter gamal praksis, og ikkje slik at gjødselverdien blir best mogleg utnytta.

4.4. FORUREINING FRÅ INDUSTRI

Fylkesmannen er forureiningsstyresmakt berre for fiskeforedlingsanlegg, men vi gir fråsegn til søknader om løyve til utslepp til luft og vatn som SFT behandlar.

SFT er no inne i behandlinga av 2. generasjons utsleppsløyve for mange industribransjar, men framleis er det mange bransjar og bedrifter som ikkje er behandla i det heile.

4.4.1. Mål

Fylkesmannen tar sikte på å redusere lokale ulemper etter utslepp av organisk stoff og næringssalt frå fiskeforedlingsanlegga. Ein vil fjerne partiklar og feitt frå avløpsvatnet. Behandling av avløpsvatn frå fiskeforedlingsanlegg må sjåast i samheng med opprydding i kommunale utslepp, og ein må ta omsyn til dette under utarbeiding av kommunale avløpsrammeplanar og saneringsplanar.

SFT bør harmonere krava sine til bedrifter med det som blir stilt til dei verksemdene fylkesmannen behandlar, og ein bør tilpasse krava til dei lokale resipientforholda.

Ein må auke attvinninga av fiskeavfall og anna organisk avfall.

Desinfeksjonsmiddel brukt på avløpsvatn frå lakseslakteri, må ikkje føre til skadeverknader i resipientar eller kommunale avløpsnett.

4.4.2. Tiltak

Fiskeforedlingsindustrien må konsesjonsbehandlast etter forureiningslova. Anlegg som slaktar og arbeider med laks og andre feite fiskeslag bør prioriterast.

Det må settast krav om gjenvinning og fiskeavfall til dyrefor.

SFT bør prioritere problembedrifter og næringar her i fylket.

4.4.3. Resultat

Vi har fått reinseanlegg ved ca. 10 fiskeforedlingsanlegg.

Storparten av alt fiskeavfall frå foredlingsanlegga og slakteavfall frå husdyr blir attvunne. Myseutsleppa frå meieria er også vesentleg redusert.

4.5. TILSTANDSRAPPORT LUFTFORUREINING

Fylket vårt er relativt lite påverka av luftforureining, sur nedbør m.v. Det er likevel ein del lokale kjelder til luftforureining som kan føre til problem. Det er i stor grad SFT som skal konsesjonsbehandle bedrifter som har utslepp til luft. I 1991 er det spesielt Sunndal Verk A/S, Molde Støperi A/S i Molde og Ringstad Farming A/S på Stranda som har skapt problem.

Det foregår ein del brenning av avfall, spesielt produksjonsavfall, men i periodar er det også så mykje brenning av bl.a. hageavfall at det er problem for astmatikarar o.a.

4.5.1. Mål

Målet med arbeidet mot luftforureining er å redusere forureininga til eit slikt nivå at ein unngår skadar eller ulemper på helse og miljø.

Dette medfører at i dei mest utsette områda (nær større bedrifter som t. d. smelteverk, støyperi, nær sterkt trafikkerte vegar o.l.) må forureiningsnivået reduserast, og samla utslepp til luft blir så små at fiskevatn og vegetasjon ikkje blir skadd.

4.5.2. Tiltak

Ved dei fleste industribedrifter er det gjennomført tiltak for å redusere utslepp.

4.5.3. Resultat

Det har i dei seinare åra blitt vesentleg mindre utslepp frå Sunndal verk. Det har også, med godt resultat, blitt skjerpa krav til utsleppa frå Molde Støperi i Molde og Ringstad Farming på Stranda.

Fylket vårt er lite påverka av sur nedbør m.v.

Brenning av produksjonsavfall og hageavfall kan medføre lokale problem.

4.6. TILSTANDSRAPPORT STØY

Støy kan skape problem både utifrå nivå og type. Vegtrafikk-, fly- og skytebanestøy vil kunne opplevast forskjellig. Styresmaktene har utarbeidd retningslinjer for kva nivå som skal gjelde for dei ulike typane ved ulik type busetnad.

Støyproblema er ikkje tilfredsstillande kartlagt i Møre og Romsdal. Det er registrert kor mange hus som har meir enn 65 dB(A) ved riksvegane (1200 hus og div. institusjonar). Vegtrafikkstøy langs fylkes- og kommunevegar er berre delvis kjent. Det er visse flystøyproblem nærast dei tre stamflyplassane i fylket. Fleire stader i fylket er det truleg omfattande støyproblem frå industrien. Dette kjem av at bustadhus og industri mange stader ligg nær inntil kvarandre.

4.6.1. Mål

Miljøverndepartementet har i eigne rundskriv formulert retningslinjer for støy frå vegtrafikk og flyplassar. Det er og retningslinjer for industristøy, samt forslag til retningslinjer for skytebanestøy.

For vegtrafikk og flyplassar skal støyspørsmål avklarast ved utarbeiding av kommune- og reguleringsplanar. For industri og skytebaner skal også støyspørsmålet bli forsøkt løyst ved slike planar. Skytebaner og industristøy kan i tillegg bli konsesjonsbehandla etter forureiningslova.

4.6.2. Tiltak

Det er særleg i samband med reguleringsplanar og vegplanar at det blir kravd støytiltak, eventuelt at det blir sett restriksjonar på arealbruken. Vegvesenet tilbyr fasadetiltak på hus langs dei mest støyutsette riksvegane.

4.6.3. Resultat

Ulemper pga støy er truleg ikkje blitt mindre dei siste åra. Vegomleggingar og visse støytiltak vil kunne redusere ulempene enkelte stader. Andre stader vil trafikkomleggingar og eventuell generell trafikkvekst føre til auka eller nye problem. Det er og betydelege støyproblem omkring enkelte industribedrifter. Det er liten generell forståing for støyproblema.

5. AVFALL OG ATTVINNING

Dei einsskilde kommunane har i varierende grad løyst avfallsproblema heime hos seg sjølv. Som følgje av dette, var det inntil for kort tid sidan ei rekkje lokale avfallsfyllingar rundt om i fylket der alle typar avfall blei tilført meir eller mindre i blanding. Etter kvart som avfalls-mengdene har auka og miljøkrava er blitt skjerpa, er utviklinga gått klårt i retning av færre og større avfallsanlegg, alternative behandlingsmåtar og attvinning av ymse stoff i avfallet. I tillegg har auka krav til miljøkvalitet gjort at mange etter kvart er blitt meir merksame på forsøpling i sitt eige nærmiljø, ulovlege avfallsfyllingar m.v.

Miljøverndepartementet har bestemt at kommunane skal utarbeide plan for attvinning (avfallsplan) innan årsskiftet 1991/92. Det er lagt opp til ei spesifisert framdrift for vidareføring av planarbeidet også i 1992. Sentralt emne i dette arbeidet er å forsøke å gi estimat for mengder av dei einsskilde avfallsstrømmene. Når det gjeld utforming av avfalls-systemet i kvar einsskil kommun, vil dette avhenge mykje av korleis kommunen ser ut reint geografisk og på andre måtar (tettstader, gravgrendte strom, næringsstruktur). Endeleg vil det vere sentralt å vurdere interkommunalt samarbeid innafor renovasjon i planen.

5.1. FORBRUKSAVFALL

Det er dei einsskilde kommunane som har ansvaret for innsamling av forbruksavfallet. Utgangspunktet er vidare at alle som bur i kommunen, skal vere med i den kommunale renovasjonsordninga. I dei fleste kommunane er det såleis etablert sekke/stativrenovasjon basert på henteordning (kommunane syter for henting/innsamling av avfallet). I ei rad med kommunar er det i tillegg etablert ordningar for attvinning og evt. kjeldesortering av avfall. Slik attvinning m.v. går for det meste på papir (aviser og vekeblad m.v.), glas (klårt og farga) samt kvitevarer (kjøleskap, komfyrar m.v.).

5.1.1. Mål

Målet for handtering av forbruksavfallet er tredelt:

- Avfallsminimering
- Attvinning av avfall når dette er er gunstig m.o.t. forureining, ressursar eller økonomi
- Best mogleg behandling av restavfallet

5.1.2. Tiltak

Avfallsminimering vil primært skje ved juridiske, økonomiske og informative verkemiddel nasjonalt (evt internasjonalt). Jamvel om kommunane har ein sentral plass når det gjeld ansvar for forbruksavfallet, er det noko avgrensa kva dei kan gjere for å redusere dei totale avfallsmengdene. Informasjon til brukarane av renovasjonstenestene blir difor eit viktig verkemiddel på lokalt nivå for å styre innkjøp og påverke handelsnæringa når det gjeld omfang av emballasje m.v.

Attvinning av avfall vil måtte vere basert på ulike ordningar for sortering og innsamling av avfallsfraksjonar som det er interesse for å attvinne. I samband med avfallsplan i kvar einskild kommune har kommunen fått ei utfordring til å vurdere kva for ordning som vil vere optimal for størst grad av attvinning. Her må det m.a. bli vurdert val mellom hente- og bringesystem, avgiftspolitik i kommunen, handheving av forbod mot forsøpling samt tilhøve til private organisasjonar og aktuelle avfallsoperatørar. Emne som disponering av hageavfall, bør og bli sett under diskusjon ut frå målet om å auke attvinningsgraden av avfallet.

Same kva, vil det vere nødvendig å behandle ein avfallsrest på ein slik måte at det ikkje oppstår miljømessige ulemper. Gjennom oppgradering og evt. sanering av eksisterande avfallsplassar vil ein kunne redusere dei miljøulempene som er knytt til slike plassar. Det vil vidare vere aktuelt å etablere eit nett av avfallsplassar for deponering av den delen av forbruksavfallet som ikkje blir tatt hand om av sekkerrenovasjonen (sjå for øvrig omtalen av produksjonsavfall).

5.1.3. Resultat

Alle kommunar på Sunnmøre, unntatt Sande, leverer forbruksavfallet til Tafjord Kraftselskap sitt forbrenningsanlegg på Grautneset. Anlegget er utstyrt med eige gassreinsanlegg, og avfallet frå gassreinsinga blir førebels tilført eit mellombels lager i Bingsa i Ålesund. Permanent deponi er under planlegging i området, som ein del av ei samla planlegging av Bingsa-området.

Ei rekkje kommunar på Romsdalshalvøya samt kommunane Midsund og Averøy er i dag med i Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap (RIR) og leverer forbruksavfall til selskapet sitt deponi i Årødalen i Molde. Det er i tillegg sett igang diskusjon i kommunane Aukra og Nesset om evt. deltaking i RIR-samarbeidet. I dag leverer og Nordmørskommunane Kristiansund og Frei sitt forbruksavfall til RIR-anlegget. Kommunane Aukra, Nesset, Rauma og Vestnes har eigne deponi for forbruksavfall.

På Nordmøre leverer kommunane Halså, Rindal, Sunndal og Surnadal forbruksavfall til Surnadal kommune sitt deponi på Syltøran. Tilsvarende leverer kommunane Aure, Tustna og Smøla sitt forbruksavfall til Aure kommune sitt deponi ved Vinsternes. Tingvoll kommune har i dag eige avfallsdeponi på Balstad.

Arbeidet med interkommunalt renovasjonssamarbeid på Indre Nordmøre har gått vidare i 1991. Det er no etablert eit formalisert samarbeid i Nordmøre Interkommunale Renovasjonsselskap (kommunane Frei, Halså, Kristiansund, Rindal, Sunndal, Surnadal, Tingvoll). Det er til no vurdert fleire alternativ for lokalisering av felles deponi, og førebels har området Havdal i Tingvoll peika seg ut til dette formålet.

I tillegg til dei deponia som er nemnt, er det ei rekkje deponi for produksjonsavfall (grovavfall m.v.) rundt om i kommunane. Fylkesmannen har registrert 11 deponi som er blitt nytta til produksjonsavfall/grovavfall og som anten er kommunale eller blir nytta av kommunen. 5 av desse deponia er ikkje lovlege (har ikkje gjeldande løyve etter Forureiningslova).

Innsamling og behandling av forbruksavfall går stort sett føre seg på tilfredsstillande vis rundt om i fylket. Ein del av dei eldre deponia (m.a. i Aukra, Nesset, Surnadal og Tingvoll) tilfredsstiller ikkje dei nye krava til avfallsfyllingar, og det blir etter kvart vurdert endringar ved desse, evt. nedlegging av drifta ved dei.

Stor interesse blant befolkinga og interessegrupper har og i 1991 medverka til ei ytterlegare utbygging av tilbodet for kjeldesortering og attvinning av avfall frå hushaldningane. Dette gjeld spesielt for glas og papir. Etter at Miljøverndepartementet seint i 1990 gjekk ut med ei ordning med transportstøtte til attvinning av papir (rundskriv T-5/90), har ein del kommunar søkt om og fått tildelt slik støtte. Det er gjennom dette søkt å bøte på dei vanskaner som tidlegare har vore innafor levering av slikt avfall, der store mengder innsamla papir har hopa seg opp lokalt.

I 1991 er det gjennomført ei registrering av potensialet (avfallsmengde) for attvinning av matavfall frå storkjøkken i kommunane omkring Rauma. Ein ventar at eit behandlingsanlegg for dette avfallet kan bli påbegynt i 1992.

Til no er det ikkje gjennomført tiltak for avbrenning/energiutnytting av deponigass frå fyllingar i Møre og Romsdal. Det vil bli tatt initiativ for vurdering av dette m.a. ved RIR sitt anlegg i Årødal.

5.2. PRODUKSJONSAV FALL

Produksjonsavfall er definert som "avfall frå næringsverksemd og tenesteyting som i art eller mengde skil seg vesentleg frå forbruksavfall" (Forureiningslova § 27). Avhengig av bransje, storleik på verksemd m.v. er det i varierende grad tilfredsstillande avfallsdisponering ved dei ein-skilde verksemdene. Graden av attvinning varierer og tilsvarende mykje. I utgangspunktet vil produksjonsavfall vere meir eigna for attvinning enn forbruksavfall grunna større mengder av meir homogent avfall. For verksemdene vil det ofte vere ein balansegang mellom vurderingar av bruk og kast/kortsiktig økonomisk vinning dvs. det å sjå på avfallet som ein ressurs og eit potensiale for utnytting. Her vil både tradisjonell tenking og mangel på samarbeid mellom verksemdar innan same bransje vere barrierar for ei positiv utvikling av attvinningsarbeidet.

5.2.1. Mål

Målet for produksjonsavfall er det same som for forbruksavfall, jf pkt 5.1. Potensialet for avfallsminimering og attvinning er derimot større for produksjonsavfall enn for forbruksavfall. Kommunane har førebels ikkje noko ansvar for innsamling av produksjonsavfall. Derimot har dei ein-skilde verksemdene sjølv styring over avfallsgenereringa og dermed over mogleg avfallsminimering (det første delmålet) og attvinninga (det andre delmålet).

5.2.2. Tiltak

Gjennom både juridiske og økonomiske verkemiddel samt ved informasjon er det mogleg å aktivt påverke både avfallsminimering og attvinning av produksjonsavfall. I stor utstrekning vil samarbeid innan dei einskilde bransjane medverke til auka aktivitet innafor desse felta. Vi har dei siste åra opplevd vokster i attvinningsbransjen, og tilbodet for avsetnad av attvunne materiale er betra vesentleg dei siste åra.

5.2.3. Resultat

Mange typar produksjonsavfall blir allereie attvunne på kommersielt grunnlag i dag (metall, slakteavfall både for kjøt og fisk, flis/spon, emballasje). Det er etter kvart etablert ein del godkjende ordningar og eitt behandlingsanlegg for avfall frå fiskeoppdrett og fiskeforedling (vesentleg lakseslakteri). Såleis driv firma Hordafôr A/S i Averøy innsamling og behandling, medan firma A/S Miljøtransport i Midsund driv innsamling av slikt avfall. Brennbart produksjonsavfall i rimeleg avstand til forbrenningsanlegget på Grautneset blir brent, men her er det berre ein liten del (30-40 %) av energien som blir nytta. Fortsatt blir ein del produksjonsavfall brent i åpent bål (er i sterk tilbakegang) eller i bedriftens egne omnar. Resten av det brennbare avfallet og ikkje-brennbare avfallet blir overført til avfallsfyllingar, anten saman med forbruksavfall, eller på egne grovavfallsfyllingar.

I den siste tida har vi komme over ein del ulovlege fyllingar i tilknytning til industriverksemder. I prinsippet har ingen av industriverksemdene i fylket (med unntak av Sunndal Verk) løyve til deponering av produksjonsavfall på eigen grunn, men det seier seg sjølv at ein her har å gjere med ei rad av grensetilfelle, der t. d. ein inert del av avfallet blir nytta til fyllmasse på verksemdene sin eigen grunn. Generell informasjon samt styrking av tilbodet om attvinning vil kunne medføre at ulovleg/uheldig avfallsdisponering vil bli redusert vesentleg. Gjennom kommunane si avfallsplanlegging vil noko av desse problema bli synleg-gjorde, og vi har von om at den debatten som planlegginga vil medføre indirekte, vil føre til auke i attvinningsgraden for produksjonsavfall.

5.3. SPESIALAVFALL

I Noreg er det over nokre år utbygd eit system av mottak, innsamlarar, lager og behandlingsanlegg for spesialavfall/miljøfarleg avfall, det såkalla "spesialavfalls-systemet". Fortsatt må ein rekne med at ein stor del av spesialavfallet finn vegen ut i sjø og vassdrag og elles ut i naturen. Det finst ikkje sikre tal på dette, men ei grov kartlegging som blei gjennomført i 1988, viste at omlag 25 % av det genererte spesialavfallet gjekk utanom eigen behandling i verksemder og spesialavfallssystemet.

5.3.1. Mål

Måla for arbeidet med spesialavfall er formulert i SFT sin langtidsplan for 1990-93. Ut frå desse måla skal det innan 1993 vere etablert tilstrekkeleg behandlingstilbod for spesialavfall basert på best tilgjengeleg teknologi. Likeeins skal ein innan 1994 oppnå 90 % innsamling av spesialavfallet som blir omfatta av leveringsplikt, og innan 1994 skal det

m.a. bli rydda opp i dei verste tilfella av miljøskade som kjem frå tidlegare avfallsdisponering.

5.3.2. Tiltak

Forureiningslova inneheld spesielle vilkår om plikt til å unngå forureining samt forbod mot forsøpling. Gjeldande forskrift om spesialavfall inneber ei plikt for alle som genererer spesialavfall til å levere avfallet til spesialavfalls-systemet. Det er og gitt egne forskrifter om polyklorerte bifenyler (PCB) og om miljøskadelege batteri/akkumulatorar som inneber spesielle plikter for dei som har eller genererer slikt avfall. I tillegg blir det gjennom økonomiske og administrative verkemiddel (m.a. for bilvrak) sytt for å styre spesialavfallet mot størst mogleg grad av attvinning og tilfredsstillande behandling. Her kan nemnast oppbygging av spesialavfallssystemet i fylket (mottaksplassar og innsamlarar, inklusive bilvrakmottaka).

5.3.3. Resultat

I løpet av 1991 blei det i Møre og Romsdal levert/samla inn omlag 2600 tonn spesialavfall innafør spesialavfallssystemet. Dette fordeler seg på dei einiskilde avfallsgruppene som følgjer:

Avfallsgruppe	Mengde (tonn evt m ³)
1 Spillolje	2080
2 Oljeholdig vann m.v.	318
3 Oljeemulsjoner	34
4.1 Org. løsemidler m. halogen	12
4.2 Org. løsemidler u. halogen	27
5 Maling, lim, lakk	29
6/7 Destillasjonsrester/tjære	3
8/9 Tungmetall/batterier	40
10 Cyanid	-
11 Kass. plantevernmidler	0,4
12 PCB-holdig avfall	-
13 Isocyanater	5
14 Annet org. avfall	8
15 Sterke syrer	61
16 Sterke baser	-
17 Annet uorganisk avfall	12
18/19 Spraybokser/lab.avf.	0,1
20 Ukjent	1,6

Spesialavfall levert til spesialavfallssystemet i Møre og Romsdal 01.01.1991 - 31.12.1991.

Det er i 1991 søkt godkjenning for eitt nytt mottak for spesialavfall: Renovasjon Nord A/S i Kristiansund. Etter dette er følgjande anlegg i funksjon eller under godkjenning (ordna etter kommunenr., evt. anleggsstad står i parentes):

Iver B. Kjørsvik, Årøseterveien 2B, 6400 MOLDE (Årødalen)
Kristiansund kommune, 6500 KRISTIANSUND (Hagelin)
Renovasjon Nord A/S, 6500 KRISTIANSUND (Vestbase)
Ålesund kommune, Rådhuset, 6025 ÅLESUND (Bingsa)
Miljørens A/S, Emblem, 6013 ÅLESUND (Flatholmen)
Vest-Miljø A/S, 6060 HAREID (Brandalstranda)
Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6100 VOLDA (Hovden Ind. område)
Brødrene Haugen Transport, Fyllingen, 6030 LANGEVÅG
Vestnes Renovasjon A/S, 6390 VESTNES (Øveråslia)
Rauma kommune, 6300 ÅNDALSNES (Uteseksjonen Øran Vest)

I 1990 gjennomførte SFT, ved hjelp av Noregs Geologiske Undersøkelse (NGU), ei kartlegging av spesialavfall i deponi og i forureina grunn i fylket. Granskinga viste at er det behov for å gjennomføre snarlege granskingar og evt. tiltak ved 2 lokalitetar og generelt behov for granskingar ved 13 lokalitetar (av omtrent 100 lokalitetar). Granskinga er i 1991 ikkje fulgt opp med konkrete vurderingar eller tiltak på dei ein-skilde lokalitetane.

Fylkesmannen har etter tips frå publikum vurdert to lokalitetar med spesialavfall frå 2. verdskrigen. Dette gjeld eitt område i Aukra som er nytta til lager der det er påvist omlag 500 tønner med gammal kamouflasjemaling og bek, samt eit festningsanlegg i Midsund der det er påvist to fat med blyhaldig materiale. Begge desse lokalitetane er under utgreiing hos SFT når det gjeld anbod på fjerning av avfallet.

Tabell 11 viser oversikt over innsamla bilvrak i 1991 (og 1990). Talet på innleverte vrak pr. år er i ferd med å stabilisere seg på eit nivå som ligg vesentleg lågare enn for nokre år sidan. Dette skuldast at folk flest held bilane sine lenger i drift no enn før og vel å reparere i staden for å kjøpe nytt.

6. FISKEOPPDRETT

Møre og Romsdal er tredje største fylke i landet innan fiskeoppdrett målt etter talet på konsesjonar og produksjon. Næringa omfattar 101 matfiskanlegg for laks og aure og 43 settefiskanlegg som er i drift. I tillegg er det gitt 83 konsesjonar for oppdrett av marine artar, der omlag 20 av anlegga er i kommersiell produksjon.

Problema som knyttar seg til fiskeoppdrett, grip inn i heile fagspekteret på miljøvervdelinga. I strategisk plan for 1990-1993 er derfor temaet fiskeoppdrett knytta til fire av dei seks hovudmiljøutfordringane i fylket. (Vassdrag, avfall, laks og kyst- og fjordområde).

I 1990 behandla fylkesmannen 75 søknader om konsesjon for nye lokalitetar, samdrift og utvidingar for matfiskanlegg for laks og aure. Det har vore behandla 3 settefisk-, 4 sjørøyesaker og 7 saker for marine artar. I tillegg er det behandla ei rekke andre saker som klagesaker, fiskesperre i vassdrag, fråsegner m.v. Totalt har vi frårådd etablering i 6 av sakene, men vi har i praksis avklart mange saker før søknad er sendt, slik at nye og mindre konfliktfylte lokalitetar er valt. Utsleppsløyve har vore avsege i 5 saker. Det har vore gjeve 20 pålegg etter forureiningslova.

6.1. FORUREINING FRÅ FISKEOPPDRETT

Fiskeoppdrettsnæringa i Møre og Romsdal har vokse til å bli ei av dei viktigaste kjeldene for utslepp av organisk stoff og nærings salt til sjøen. I tillegg kjem utslepp av antibiotika, kjemoterapeutika og ulike kjemikalier som blir brukt i produksjonen. Utslepp frå fiskeoppdrett til område med dårleg vassutskifting, kan gje oksygenmangel i djupvatnet, slamoppopping på sjøbotnen og lokale problem med algevekst. Dei siste to åra har ein lagt om til vekseldrift over to lokalitetar, og ein tek i bruk meir djupe og eksponerte lokalitetar enn før, slik at nedslamming truleg er eit svært avgrensa problem knytt til dei "gamle lokalitetane". Kontrollar viser at det har skjedd ei positiv utvikling med tanke på investeringar i utstyr for opptak av dødfisk, kvern og eigna utstyr for lagring av ensilasjen. Det meste av slakteavfallet blir ensilert og gjenvunne til anna dyrefôr, men framleis blir berre ein mindre del av dødfisken attvunne gjennom dei etablerte ordningane. Ved kontrollar er det avdekka at avfallet i for stor grad ikkje går til gjennvinningsfirma, men vert nytta til gjødsel lokalt.

6.1.1. Mål

Fylkesmannen har forvaltingsmynde etter Forureiningslova, og skal foreta ei vurdering av eventuelle skadeverknader på økosystemet ved ei etablering av oppdrettsanlegg. Utifrå dette prøver ein å lokalisere opne merdanlegg i sjø til gode resipientar og unngå etablering i avstengde sjøområde og terskelfjordar. Det skal ikkje gjevast løyve til utslepp til ferskvatn. Anlegg som driv på lokalitetar med for dårleg resipientkapasitet, skal flyttast til betre resipientar. Unødige forureiningsulemper i samband med slakteavfall og dødfisk, skal snarast råd reduserast ved at ressursen i første rekkje vert gjenvunne til fôr.

SFT har vidare sett som mål at 90 % av slakteavfall og dødfisk skal gå til gjenvinning i løpet av 1992.

6.1.2. Tiltak

Dei fleste matfiskanlegga har fått nye utsleppsløyve i samband med flytting og drift med generasjonsveksling. Her er det tatt omsyn til at vassutskiftinga er tilstrekkeleg til å hindre lokale forureiningsproblem. Det er ikkje gitt utsleppsløyve for lokalitetar der ein er usikker på om resipientkapasiteten er god nok. Matfiskanlegga skal berre disponere 3 lokalitetar for vekseldrift. Er det gjeve fleire utsleppsløyve tidlegare som ikkje er med i planen for vekseldrift, skal desse trekkast attende.

Alle matfiskanlegg blir pålagt å samle opp dødfisk og ensilere denne med tanke på gjenvinning til fôr. Lokale løysingar ved t.d direkte bruk av dødfiskensilasje som gjødsel, vil ikkje bli tillatt utifrå fare for lokale luktulemper, avrenning m.v.

6.1.3. Resultat

Det har ikkje blitt etablert nye eller utvida eksisterande fiskeoppdrettsanlegg på område der det er stor fare for at det oppstår forureining. Brakklegging av lokalitetane i samband med vekseldrift vil truleg føre til reduserte skadeverknader lokalt, ved at eventuelle slamoppfopingar vil bli brote ned av mikroorganismar, botndyr og ved utvasking m.v.

Anlegg med brot på utsleppsløyva har fått pålegg om å utbetre tilhøva. I ein del tilfelle er det nytta forureiningsgebyr.

Dei fleste matfiskanlegg har skaffa seg utstyr for opptak og ensilering av dødfisk. Ein del fiskeavfall blir brukt som gjødsel i jordbruket lokalt, utan at det er gjeve løyve til dette. Ved avdekking av slike tilhøve vert det gjeve pålegg med forureiningsgebyr.

I alt 25 lokalitetar fordelt på 16 matfiskanlegg er kontrollert saman med fiskerisjefen og fylkesveterinæren under den såkalla "havbruksoffensiven". Elles har fylkesmannen vore på enkeltkontrollar. For å handheve vilkåra i utsleppsløyva, har det vore sendt ut varsel om pålegg til 12 anlegg med fristar for uttale i januar 1992. Det har vore lite kontrollar på settefiskanlegga og anlegg for marint oppdrett.

Fylkesmannen, fiskerisjefen og fylkesveterinæren foretok undervassopptak med video på to matfiskanlegg. Det vart avdekka svært lite tilfredsstillande tilhøve med tanke på dødfiskopptak, der utstyr for opptak mangla og store mengder dødfisk låg i botnen av nøtene.

6.2. AREALBRUKSKONFLIKTAR

Overgang til vekseldrift har auka behovet for lokalitetar dramatisk. Vi registrerer ein aukande opinion mot fiskeoppdrett i saksbehandlinga ved mange protestar ved offentleg utlegging. Truleg vil dette normalisere seg i åra framover.

6.2.1. Mål

Fylkesmannen skal ivareta dei allmenne interessene ved å unngå at det vert gitt konsesjon for oppdrettsanlegg som kan vere til skade for naturvern-, friluftsliv-, vilt- og fiske interessene. Fylkesmannen er berre rådgjevande overfor Fiskerisjefen når det gjeld konflikhtar med dei allmenne interessene. Det må derfor leggast vekt på eit nært samarbeid med oppdrettarar, fiskerisjef og fylkesveterinær for i første rekkje å unngå søknader i konfliktområde ved bruk av informasjon, eller redusere eventuelle skadar ved tilpassing til lokaliteten, teknisk utforming etc.

6.2.2. Tiltak

Fylkesmannen vil halde fast på at grensene for sikringssonene for laksefisk ikkje skal endrast lokalt i fylket vårt. Vi meiner effekten av sonene skal evaluerast før prøvetida er ute i juni 1994, og at det difor må trekkast generelle konklusjonar på landsbasis som grunnlag for lokale justeringar.

Utarbeiding av temakart som viser bruken av oppdrettslokalitetar på sjø og land, vart starta opp i siste kvartal. Målet er å få betre oversikt over kvar anlegga ligg og kvar det er fisk i anlegga til ei kvar tid. Slike kart vil gje ein rasjonaliseringsgevinst i ulike typer saker som t.d uttalar til kommuneplanar, enkeltsaker m.v. og kan nyttast av andre utanfor avdelinga.

Konflikhtar med friluftsliv-, naturvern-, vilt-, og fiskeinteressene skal, så langt råd, avklarast lokalt i kommunane ved arealdelen i kommuneplanane. Der kommunen ikkje har slik plan, vil fylkesmannen bygge på registreringane i naturatlas for Møre og Romsdal.

Søknader om bygging av landbaserte oppdrettsanlegg skal behandlast etter plan- og bygningslova § 17.2, og generelt er vi av den oppfatning at desse inngrepa er så store at dei fell inn under reguleringsplanplikta etter § 23 i samme lova.

6.2.3. Resultat

Sikringssonene for laksefisk har vore utsett for eit press mot meir lempelege krav til flytting av anlegg innan sona og endring av enkeltsoner, slik at nye anlegg kan etablerast. I eit tilfelle frarådde fylkesmannen flytting nærare eit laksevasdrag, der fiskerisjefen likevel gav konsesjon. Vi protesterte på avgjerda til Fiskeridirektoratet og fekk medhald i vurderinga vår. Saka ser vi på som prisippielt viktig.

Ved etablering av merdanlegg i sjø vil det på enkeltlokalitetar oppstå konflikhtar mellom anlegget og vilt. Opplysningar frå driftsansvarlege på anlegg i ytre kyststrøk viser at det på enkelte lokalitetar er store problem med skade på fisken frå hegre og storskarv. Det er forsøkt ulike førebyggjande tiltak med varierende effekt.

Vi meiner det er svært uheldig at etablering av oppdrettslokalitetar går føre seg berre som sak for sak og ikkje etter ei heilskapsvurdering i ein kommuneplan. Fleire av kommunane må proritere sterkare å få utarbeidd arealdel i kommuneplanen som også omfattar sjøområda.

6.3. Sjukdom og genforureining

Fylkesveterinæren står fremst i kampen mot fiskesjukdommar. Men også mange tilhøve som blir regulert av Forureiningslova, har mykje å seie for sjukdomsbiletet. Etter etablering av fylkesveterinærembetet i Møre og Romsdal, er det utvikla eit nærare samarbeid med etaten.

Pr. 31.12.1991 hadde 95 matfiskanlegg og 18 settefiskanlegg påvist furunkulose. 2 matfiskanlegg hadde restriksjonar pga Infeksiøs lakseanemi (ILA). I tillegg var sjukdommen BKD påvist i 14 settefiskanlegg. Utifrå offisielle tal frå fiskerisjefen rømte det 112 000 stk laks ved 11 rapporterte rømmingar av ulike årsaker, og det er truleg at rømt oppdrettsfisk overfører furunkulose til laksevassdraga. 22 av vassdraga fekk påvist furunkulose, medan 2 hadde mistanke om sjukdommen. Fiskesjukdommen ILA er førebels under kontroll i fylket. Forbruk av antibiotika og kjemoterapeutika er totalt redusert med 50 % i høve til året før.

6.3.1. Mål

Problema knytt til sjukdom og bruk av antibiotika i anlegga skal utifrå våre verkemiddel reduserast ved at anlegga blir lokalisert til gode resipientar, pålegg om hyppig dødfiskopptak og tilfredsstillande dødfiskhandtering. Vi må arbeide for å auke kunnskapen om verknadene av antibiotika- og kjemoterapeutika som vert ført ut i sjøen.

Skadeverknadene ved rømming av fisk skal avgrensast til det minimale ved rømmingssikre anlegg og beredskap på anlegga for gjenfangst av rømt fisk.

6.3.2. Tiltak

Ved kontrollar skal dei nye forskriftene for etablering og drift av matfiskanlegg fylgjast opp i lag med fiskerisjefen.

Ved etablering av landbaserte anlegg for oppdrett av sjørøye skal anlegga installere rømmingskringstiltak. I praksis vil dette seie at ein i kvar enkelt sak må sette krav til lysopning i silarrangementa i kara og munken etter storleik på fisken som skal produserast.

Det har vore halde 5 møte i helse- og miljøgruppa dvs det såkalla "Kontakt- og klareringsutvalet for havbrukssaker", der ein tek opp prisippielle spørsmål, konfliktfyllte enkeltsaker, felleskontrollar m.v.

Fylkesmannen har representert SFT ved å halde foredrag på helse-, og miljøkurs for oppdrettarar i Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal. Kursa vart arrangert av Stiftelsen havbrukskunnskap.

6.3.3. Resultat

Etter innføring av skjerpa krav til dødfiskhandtering og disponering, har det vore ein vesentleg auke i antal anlegg som har skaffa seg utstyr for opptak og ensilering av dødfisk. Vi reknar med at spesielt hyppig dødfiskopptak vil gje ein svært positiv effekt når det gjeld sjukdomsutviklinga i anlegga.

Som eit resultat av nye retningslinjer for behandling av saker om oppdrett av sjørøye og vedtak i KKH, har vi no fått innført krav om rømmingssikring som skal kontrollerast av fylkesmannen, fylkesveterinæren og fiskerisjefen før oppdrett av røye i landanlegg får starte opp.

7. FORVALTING AV FERSKVASSFISK

Møre og Romsdal er med sine vel 190 registrerte laks- og sjøauførande vassdrag, eit av landets største fylke i denne samanhengen. I tillegg fins det over 22000 vatn, dei fleste av interesse i samanheng med sportsfiske.

7.1. FISKET ETTER LAKS OG SJØAURE

I Møre og Romsdal har fisket etter laks og sjøaufure i mange år vist ei negativ utvikling. Dette gjeld for samla fangst (sjø og elv). Ei grafisk framstilling av fangststatistikken for åra 1980 - 1990 er vist i fig. 2. Sjølv om samla fangst fortsatt er i ei negativ utvikling, har det synt seg at fangstfordelinga mellom sjø og elv er endra i denne tidsperioden. Ei mogleg forklaring på denne utviklinga er dei reguleringstiltaka som er iverksette i dette tidsrommet. Det at den totale fangsten av laks og sjøaufure har gått ned sidan 1980, kan mao. ha samanheng med for stor fangst samla sett i sjø og elv, samt det at nokre av våre mest verdfulle laksevassdrag er råka av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*.

7.1.1. Mål

Forvaltninga sitt mål er å ta vare på alle stammar av laks og sjøaufure, og sjå til at livsmiljøet deira ikkje vert forringa. Laks- og sjøaufurestammene må beskattast på ein måte som gjer at produksjons-potensialet i vassdraga blir utnytta best mogleg.

7.1.2. Tiltak

Det er gjennomført ei rekkje tiltak for å regulere fisket i elv og sjø slik at beskattinga blir meir bestandsretta. Det kan her nemnast: forbod mot drivgarnsfiske, utviding av årsfreding for fiske med krokarn, utviding av vekefredinga i fisket med kilenot og krokarn, samt nye bestemningar for trådtypar i fastståande reiskap. Vidare er det innført påbod om nedsenking for alle hobbyfiskegarn i sjøen med maskestorleik over 35 mm i sommarhalvåret, innkorting av fiskesesongen i vassdrag og restriksjonar i bruken av fiskereiskap i vassdrag. Mye munningsfredingssoner er innført i Møre og Romsdal i 1991, og det er innført freding av fiske i einskilde vassdrag.

7.1.3. Resultat

Det er enno for tidleg til at ein med visse kan syne til resultat i fangststatistikken. Det er likevel påfallande at det i fleire vassdrag er fanga laks i storleiksgruppa 3 - 5 kg (mellomlaks) enn på svært mange år, spesielt i 1990. I tillegg vert det hevda at gjennomsnittstorleiken på sjøaufuren har gått opp dei siste tre åra i ei rekkje vassdrag.

7.2. FORENKLING OG HARMONISERING AV FISKEFORSKRIFTENE

Fisket etter laks, sjøaure og innlandsfiske blir regulert m.a. ved ei rekkje forskrifter. T.d. er fredingssoner i sjøen utanfor vassdrag (munningsfredingssoner) regulerte i hovudtrekk ved ei forskrift for kvar sone. Forskriftene er skipa over ein periode på meir enn 100 år, og dei er ikkje like i utforming eller innhald. Talet på forskrifter, og nyansar i innhald og ordlyd har gjeve grunnlag for store problem både for oppsyn og fiskarar.

7.2.1. Mål

Det er eit klart mål at ein bør forenkle fiskeforskriftene og redusere mengda mest mogleg. Dette vil styrke respekten for forskriftene som regulerer fisket. Det vil og hjelpe allmenta til å orientere seg om kva som er lovleg og ikkje lovleg i samband med utøving av yrkesfiske og sportsfiske etter ferskvassfisk.

7.2.2. Tiltak

Fylkesmannen har i første omgang tatt føre seg forskriftsverket for fredingssoner utanfor laks og sjøaureførande vassdrag. I tillegg er det sett på behovet for utviding av eksisterande soner og etablering av nye.

7.2.3. Resultat

Eit forslag har vore ute til høyring. Til no har ein hatt 47 forskrifter med heimel i kgl. res., som regulerer fredingssoner utanfor laks og sjøaureførande vassdrag i Møre og Romsdal. Det er no blitt utforma òi forskrift for slike soner i fylket. Denne forskrifta omfattar til saman 95 vassdrag.

7.3. SØKNADER OM LØYVE TIL STAMFISKE ETTER LAKS OG SJØAURE

Fylkesmannen er delegert mynde til å gje dispensasjon frå forskriftene i lov om lakse- og sjøaurefisket m.a. når det gjeld fiske etter stamfisk. Denne mynda gjev høve til å styre kultiveringsaktiviteten i det einskilde vassdrag, samstundes som ein kan gje nødvendig informasjon om korleis ein skal hindre spreiding av uønska stammer og arter av ferskvassfisk.

7.3.1. Mål

Fylkesmannen ser det som eit mål å innrette tilhøva kring stamfisket og kultiveringa av dei einskilde fiskestammene, slik at ein kan byggje opp livskraftige fiskestammer. Dette vil gje grunnlag for auka produksjon og auka verdi for fisket etter laks og sjøaure både når det gjeld avkastning i form av kg fisk og i form av rekreasjonsverdi.

7.3.2. Tiltak

Løyve til stamfiske vert i hovudsak gitt til lag eller foreiningar. Det vert knytta vilkår til løyvene for å tilpasse driftsrutinar i kultiveringsaktiviteten og mengde rogn/ungel som samsvarer med eit fagleg grunnlag fiskebiologisk sett. Det vert i tillegg ofte drøfta med veterinærstyresmaktene korleis ein best skal kunne ta omsyn til dei ulike farar/utfordringar som er knytt til slik aktivitet.

7.3.3. Resultat

I 1991 vart det gjeve stamfiskeløyve for 28 vassdrag. I ei rekkje av desse vassdraga er laksestamma svak. Stamfisket har og tatt sikte på å imøtekomme DN sitt behov for rogn til genbank og levande genbank for laks.

Oversikt over resultat i tal på fisk ved stamfiske for åra 1988 - 1990. Resultata frå 1991 ligg enno ikkje føre.

År	Innvilga		Resultat		Resultat i %	
	Laks	Aure	Laks	Aure	Laks	Aure
1988	1110	855	424	173	38	20
1989	1210	280	893	129	74	46
1990	1155	185	847	129	73	70
1991	1275	25				

7.4. TRUSSELEN SOM RØMT OPPDRETTSFISK REPRESENTERER

Dei siste fire åra er det rømt store mengder oppdrettsfisk frå merdanlegg i sjøen i Møre og Romsdal. Berre vinteren 1988/89 rømte det i Møre og Romsdal fleire fiskar enn talet på samla innsig av vill-laks til landet. Frå fagleg hald vert det sterkt åtvåra mot følgjane som desse rømningane kan få for dei ville stammene av laks og sjøaure. At rømt fisk spreier sjukdom, og at denne fisken kan ta del i naturleg reproduksjon i elvane, er no kjent frå ei rekkje vassdrag. Ein er m.a. redd for at dette kan føre til ei utarming av dei genetiske kombinasjonane som er knytt til den einskilde stamma av laks.

7.4.1. Mål

Redusere mengda av rømt oppdrettsfisk og søke å redusere faren for at denne fisken kan gje ein uheldig innverknad på villfisk av laks og sjøaure.

7.4.2. Tiltak

Det arbeidast med nye reglar for drift og sikring av oppdrettsanlegg i sjø. Det har synt seg at kunnskapsnivået og rutinar ved drift av oppdrettsanlegg ikkje er gode nok. Desse tilhøva prøver ein å betre på ved informasjon og motivasjon i tillegg til at ein arbeider for eit betre regelverk for klekking og oppdrett av fisk.

7.4.3. Resultat

Førebels kan ein ikkje påvise nokon tendens til betring i situasjonen for dei ville stammene av laks og sjøaure. Dette sett på bakgrunn av den trusselen oppdrettsnæringa representerer for desse ville fiskeartene. Rapportering frå konsesjonsinnehavarar av oppdrettsanlegg ved havari og rømming av fisk har vore mangelfull.

7.5. FAGLEG ENGASJEMENT NASJONALT OG INTERNASJONALT

På bakgrunn av dei spesielle tilhøva ein har i Møre og Romsdal når det gjeld forvaltning av laks og sjøaure, har ein funne det ønskjeleg og formålstenleg å ta del i nasjonalt og internasjonalt samarbeid.

7.5.1. Mål

Fiskeforvaltaren har blitt engasjert/oppnemnd av MD og DN i ymse arbeidsoppgåver. Ved slik aktivitet har ein i tillegg det mål at ein i auka grad skal bli i stand til å handtere dei problema vi har i forvaltninga av ferskvassfisk i fylket. Eit klart mål er å snu den negative utviklingstendensen ein har i fisket etter laks og sjøaure i elv og sjø.

7.5.2. Tiltak

I 1991 har fiskeforvaltaren vore representant for fiskeforvaltarane i NASCO. Fiskeforvaltaren har vore oppnemnt i eit utval som har hatt som mål å utgreie spørsmål knytt til gjenfangst av rømt oppdrettsfisk ("Gjenfangstutvalget"). Dette utvalet har avlagt si innstilling.

7.5.3. Resultat

"Gjenfangstutvalget" har avslutta arbeidet sitt. Ei innstilling frå utvalet med forslag til nye forskrifter har vore til høyring, og det er utarbeidd nye forskrifter for drift av oppdrettsanlegg kor nokre av utvalget sine tilrådingar er tatt med. Ved to høve har Møre og Romsdal blitt vitja av utenlandske fagfolk innan forskning og forvaltning av laks, sjøaure og innlandsfisk. Fiskeforvaltaren har tatt del i arbeidet med å gje desse studieturane fagleg innhald. Ein vonar at dette har stor verdi for Norge sin posisjon i internasjonalt samarbeid om lakseforvaltninga (moa. i NASCO).

7.6. OVERVAKING AV LAKS OG SJØAUREBESTANDANE

Det er ei kjensgjerning at mange av fylket sine bestandar av laks og sjøaure er svake og av den grunn lett påverkelege i negativ retning. Årsakene kan vere å finne i tilhøve som har med sjukdom, parasittar, vassdragsregulering, overbeskutting osv å gjere. Ein har funne det nødvendig å skaffe betre grunnlag for å kunne fastslå utviklingstendensen i den einskilde bestanden. Det er no valt ut 6 vassdrag (referansevassdrag) fordelt over fylket, kor det årleg blir gjennomført granskingar for å få eit mål på produksjon pr. arealeining av laks og sjøaure. Desse vassdraga er : Velledalselva (Sykkylven), Ørstaelva og Bondalselva (Ørsta), Vistdalselva (Rauma), Oselva (Molde) og Moaelva/ Sylte-elva (Fræna). Granskingane blir gjennomført i samarbeid med NINA. I samband med overvaking av lakseparasitten *G. salaris* blir det årleg granska ei rekkje vassdrag.

7.6.1. Mål

Det har ofte vist seg at det er nødvendig å ha eit stadig betre fagleg grunnlag for å kunne forvalte det einskilde vassdraget sine fiskestammer på ein best mogleg måte. Overvakinga har m.a. som mål å få fram ein oversikt over sjukdomssituasjonen hos ferskvassfisk i fylket.

7.6.2. Tiltak

Prøvefiske med elektrisk fiskeapparat vert årleg gjennomført i ei rekkje vassdrag. Slike prøver blir tatt på faste stasjonar, slik at ein skal kunne påvise endringar over tid. I dei utvalde referansevassdraga vert prøvene tatt årleg på fleire stasjonar, men i samanheng med overvaking av fiskesjukdomar, da særleg *G. salaris*, vert prøvene tatt etter ei fagleg prioritering. I nokre vassdrag tar ein t.d. prøver tre gonger pr. år, mens det i andre blir tatt prøver kvart tredje år.

7.6.3. Resultat

I 1991 blei det tatt kontrollprøver i 78 vassdrag. Totalt blei det gjennomført 208 prøver. Arbeidet blir gjennomført i samarbeid med veterinærstyresmaktene. I 1991 vart det påvist *G. salaris* i enda eit vassdrag i fylket, nemleg i Innfjordelva, Rauma kommune. Det vart gjennomført gyteregistrering i Eira (527 groper) våren 1991, og Litledalselva (321 groper) høsten 1991. I nokre vassdrag vart det registrert unormalt store angrep av lakselus både på laks- og sjøaure.

7.7. LAKSEPARASITTEN GYRODACTYLUS SALARIS

Etter det ein kjenner til i dag er *G. salaris* den største trusselen laksebestandane våre har blitt utsette for. Ein frykter at fleire stammer av laks vil bli utrydda. Til saman 20 vassdrag er eller har vore ramma av denne parasitten her i fylket. I heile landet er talet på infiserte vassdrag 35.

7.7.1. Mål

Det rår brei einigheit om at ein må prøve å stanse spreinga av denne parasitten, likeeins at utbreiingsområda skal reduserast og i størst mogleg grad utryddast frå dei angripne vassdraga.

7.7.2. Tiltak

I arbeidet som vedkjem *G. salaris* her i fylket, blir det i størst mogleg grad tatt sikte på å følgje planane som kjem fram i "Handlingsplan for tiltak mot lakseparasitten *G. salaris*" utarbeidd av DN. Bruken av stoffet rotenon, som tar livet av fisk, har vist seg effektivt for å utrydde parasitten. Med det ein kjenner til i dag, er det ikkje mogleg å utrydde parasitten utan at ein for ein periode og fjernar verten, nemleg laksen. Til saman er tre personar engasjerte i arbeidet med overvaking av og tiltak mot denne parasitten.

7.7.3. Resultat

DN sin handlingsplan for tiltak mot *G. salaris* er følgd her i fylket, og dei tre engasjerte samt fiskeforvaltaren gjennomførte tiltak mot parasitten i Storelva, Tingvoll kommune. Tiltaka mot denne parasitten synest lovande. Ei oversikt over vassdrag i fylket som er eller har vore infiserte av *G. salaris*, er vist i fig. 3. Etter DN sin handlingsplan skulle dei *G. salaris*-infiserte vassdraga i Rauma kommune rotenonbehandlast i 1991. Denne behandlinga vart utsett til høsten 1992. Kartlegging av dei infiserte vassdraga i Sunndal kommune vart starta opp høsten 1991.

Pr. d.d. er, etter det ein kjenner til, 11 vassdrag infiserte av *G. salaris*. Tiltak for å bli kvitt parasitten er gjennomført i 9 vassdrag, og to vassdrag er til no erklært parasittfrie. Ei grafisk framstilling av oppfylgginga av DN sin handlingsplan her i fylket til no, er vist i fig. 4.

7.8. SIKRING AV TRUA FISKESTAMMER

Som tidlegare omtalt, er det ulike grunnar til at ei rekkje stammer av laks, men og nokre aurestammer, er trua med utrydding. Etter det ein i dag kjenner til, har kvar elv sin særleine stamme.

7.8.1. Mål

Det er dei siste to åra tatt sikte på å sikre dei mest verdfulle og dei mest trua stammene av laks i fylket. Målet er å ta hand om desse stammene inntil tilhøva i dei respektive vassdraga tillet naturleg reproduksjon.

7.8.2. Tiltak

I samarbeid med DN er laksestamma i fleire vassdrag i fylket representerte i "Genbank for laks, som er ei lagring av arveanlegg i form av nedfrysing av melke, og i DN sin "Levende genbank for laks" på Haukvik, Hemne kommune i Sør-Trøndelag. Dette er eit anlegg kor ein tar sikte på å halde ulike stammer av laks sikra ved generasjonsveksling.

7.8.3. Resultat

24 vassdrag i fylket er representerte i "Genbank for laks", og 9 vassdrag representerte i "Levende genbank for laks" på Haukvik. Sjølv om den einskilde laksestamma ikkje er tilstrekkeleg representert i dei to typene genbank til at ein kan seie at breidda i genvariasjonen i stamma er sikra, er likevel i hovudsak fleire av våre mest trua laksestammer no mellombels trygt forvara.

7.9. KARTLEGGING AV FERSKVASSFISKRESSURSEN I FYLKET

Møre og Romsdal har store ressursar knytt til laks, sjøaure og innlandsfisk. Det finst dessverre inga oversikt over artsutbreiing, produksjon, avkastingspotensiale, organisering, tilgjenge til sportsfiske osv.

7.9.1. Mål

Fylkesmannen har som mål å utarbeide ei ressurskartlegging når det gjeld ferskvassfisk i fylket. Fleire fylke er i ferd med å gjennomføre ei slik kartlegging, og nokre fylke er allereie ferdige med dette arbeidet. Det har synt seg at ei slik kartlegging er nødvendig for å kunne gjennomføre ei god forvaltning av ferskvassfisk, og dei interesser som er knytte til denne ressursen.

7.9.2. Tiltak

Det er komme igang ei ressurskartlegging, etter et forprosjekt, i fylket. Ein person er engasjert på dette prosjektet. Finansieringa av ressurskartleggingsprosjektet skjer tildels ved hjelp av eksterne midlar.

7.9.3. Resultat

Tingvoll kommune er prøvekommune i ressurskartleggingsprosjektet. Data er innsamla og under bearbeiding.

7.10. KONSESJONSPÅLAGTE KULTIVERINGSTILTAK

I konsesjonen til reguleringane er det gitt pålegg om kompensasjonstiltak, og det er ofte heimlar til å utvide kompensasjonstiltaka. Avhengig av kor gammal og kor omfattande reguleringa er, er det gitt forskjellige vilkår til konsesjonane. Kompensasjonstiltaka kan omfatte utsetjing av fisk, biotopforbetrande tiltak og å koste fiskebiologiske undersøkingar. Pålegga og utviklinga i vassdraga må følgjast opp, noko som er forsømt i Møre og Romsdal. Pålegga omfattar både strekningar for laks og sjøaure og område med innlandsfisk. Det er i dag gitt pålegg om utsetjing av fisk i 51 vatn og elvar i fylket, og vidare er det heimlar til å pålegge utsetjingar i like mange vatn og elvar.

I Møre og Romsdal er det 18 regulantar som til saman har regulert 29 større og mindre vassdrag. Prosjektet "Betre bruk av fiskeressursane i regulerte vassdrag i Møre og Romsdal" blei starta av Fylkesmannen i siste halvdel av 1991 med ein gjennomgang av konsesjonsvilkåra knytt til vassdragsreguleringane i fylket.

7.10.1. Mål

Fylkesmannen ønskjer å oppdatere og gi ein oversikt over alle konsesjonspålagde kultiveringstiltak i dei regulerte vassdraga til dagens kunnskapsnivå og strategi. Dette fell saman med DN sin virksomhetsplan om å etablere ein plan for gjennomgang av vilkår i samband med vassdragskonsesjonar. Fylkesmannen ønskjer også å få ein meir rasjonell og effektiv innsats mot dei negative konsekvensane av naturinngrepa, vidare at regulantane blir likt vurdert og at prosjektet har ein positiv nytte/kostnad. Prosjektet fell også saman med DN sine prioriterte miljømål på laks og innlandsfisk om å sikre stammar av anadrome lakse- og innlandsfiskar mot negative påverknader av leveområda samt satsinga på sportsfiske og friluftsliv.

7.10.2. Tiltak

Gjeldande konsesjonspålagte kultiveringstiltak vil bli oppdaterte i samsvar med dagens strategi og kunnskapsnivå. Biotopforbetrande tiltak og fiskebiologiske undersøkelser vil bli utførte. Informasjonen mellom regulant, offentleg mynde og allmenta blir betra gjennom rapportar og brosjyrar. Kultiveringa av vassdraga vil følgje dei nye fylkesvise kultiveringsplanene. Prosjektet vil hjelpe til å organisere eit samarbeid mellom dei ulike regulantane.

7.10.3. Resultat

Fylkesmannen ønskjer å formalisere eit samarbeid med regulantane i fylket våren 1992 for å finansiere eit prosjekt som går over fleire år for å oppdatere alle konsesjonspålagte kultiveringstiltak. Før dette samlast det inn informasjon som blir arbeidd vidare med, og dei formelle sidene med prosjektet blir ordna.

Eit vatn i Tafjordreguleringa er til no prøvafiska. Forslag til biotopforbetrande tiltak i Årdalselva i Ørstavassdraget er sendt til DN. Undersøking av Norddalselva med omsyn til parasittar og nye fiskeartar i forhold til Ørstavassdraget, er utført for å klargjere sjølve

overføringa. Eit samarbeid med Statkraft er innleidd i Surnavassdraget for å undersøke utsetjingsbehovet i vassdraget, samt høvet til å flytte kultiveringa av fisk frå Lundamo til Surnadal.

8. VILTFORVALTNING

Alle villlevande landpattedyr og fuglar, amfibiar og krypdyr blir definerte som vilt. Viltlova av 29. mai 1981 slår fast at alt vilt er freda, dersom ikkje noko anna er fastsett i lova eller med vedtak etter lova.

Med eit sær sars vekslande naturgrunnlag frå hav og skjergard over kulturlandskap og skogområde til seterdalar og høgfjell, har Møre og Romsdal rike og varierte forekomstar av viltartar. Vi finn alle dei fire villlevande hjorteviltartane i landet i livskraftige bestandar, eit rikt tilbod av jaktbare småviltartar og viktige forekomstar av fleire artar som på landsplan eller i Europeisk samanheng er sjeldsynte, sårbare eller truga.

8.1. VERN OM VILTARTANE OG DEIRA LEVEOMRÅDE

Formålsparagrafen i viltlova slår fast at viltet og viltet sine leveområde skal forvaltast slik at produktivitet og artsrikdom blir tatt vare på. Vern om leveområda eller sjølve grunnlaget for viltet har følgjeleg høgste prioritet innafor viltforvaltninga ved sida av artsvernet.

8.1.1. Mål

Sikring av leveområde for samtlege viltartar både for å oppretthalde grunnlaget for dei artane som er trua eller sårbare, og for å sikre ein god produksjon hos dei artane som er talrike.

8.1.2. Tiltak

Første utgåva av Naturatlas - vilt, vart ferdig 15.04.89. Etter denne tida har vi samla inn nye data til viltkartet for å sikre at det er mogleg å ta omsyn til viltinteressene ved planlegging av arealbruk. Overvaking av bestandane av trua og sårbare artar i samarbeid med ideelle organisasjonar er og ein viktig del av arbeidet.

Ei lang rekkje kommune- og reguleringsplanar samt større regionale planar for arealbruk, er behandla ut frå omsynet til viltet. Det blir og gitt råd om plassering av akvakulturanlegg i høve til viltinteressene. Samarbeid med skogbruksstyresmaktene og skogeigarlaget for å få til eit viltvennleg skogbruk er styrka i året som gjekk, bl.a. gjennom deltaking i eit seminar om sårbare artar og økosystem i skog. Samtlege søknader om statstilskott til skogsveggar er vurdert ut frå viltomsyn.

8.1.3. Resultat

Det er samla inn og systematisert ei lang rekkje nye opplysningar til viltkartet. Hovudvekta av dei nye opplysningane gjeld sjøfugl og trua eller sårbare artar.

Det er arbeid inn omsyn til viltet i fleire kommune- og reguleringsplanar. Samarbeid med skogbruksstyresmaktene og med skogeigarlaget er betra.

8.2. FAGLEG STYRKING AV VILTNEMDENE

Viltnemndene i kommunane er den offentlege viltforvaltninga sitt distriktsapparat. Viktige oppgåver, som er lagt til nemndene, er å ivareta viltomsyn i plan- og inngrepssaker og å stå for avvikling av jegerprøven. Det som legg beslag på mest kapasitet for dei fleste nemndene, er likevel lokal forvaltning av hjorteviltstammene gjennom rettleiing til jevgrar og jaktrettshavarar, godkjenning av vald, tildeling av kvoter, synfaring av beiteskader samt organisering av og deltaking i ettersøk etter skada vilt. Nemndene er folkevalgte organ der medlemene har behov for løpande skolering både i viltfaglege og forvaltingsrettslege spørsmål. Ulike tradisjonar og haldningar saman med ulikt kunnskapsnivå og engasjement i dei forskjellige nemndene, gjer at arbeidet blir lagt opp forskjellig og forskjellige problem blir ulikt prioritet og løyst på forskjellig måte av nemndene. Dette er ikkje berre av det gode.

Prøveprosjektet med miljøvern i kommunane (MIK) har mellom anna ført til at viltnemnda i Surnadal har vorte kommunal.

8.2.1. Mål

Viltnemndene og kommunane må få betre kunnskap om viltforvaltning. Opplæring i saksbehandling, vurdering av arealsaker og storviltforvaltning har høgast prioritet. Alle viltnemnder bør ha eiga sekretærordning.

8.2.2. Tiltak

I løpet av 1991 vart det avvikla fellesmøte for viltnemndene over to dagar med stor deltaking. I tillegg har det vore avvikla to regionale møte, m.a. i samband med jakttds-høyringa. Elles har hovudtyngda av rettleiinga vore gitt gjennom løpande direkte kontakt og noko gjennom brev og rundskriv. I samband med hjorteviltforvaltninga har det vorte behandla 12 klagesaker på vedtak fatta av viltnemndene.

8.2.3. Resultat

Det har vore få utskiftingar av sekretærar for viltnemndene i fylket. I løpet av 1991 hadde i alt 35 av nemndene tilsett sekretær, medan formannen hadde sekretærfunksjonen i dei tre resterande nemndene. Vel halvparten av dei eksterne sekretærane er rekruttert frå landbrukskontora.

Informasjonen som blei formidla på fellesmøte og i andre samanhengar, har gjeve resultat, men dette er vanskeleg å måle.

8.3. HJORTEVILTFORVALTNING

Møre og Romsdal har produktive bestandar av alle dei fire viltlevande hjortedyrartane. Dette er viktige komponentar i dei naturlege økosystema og representerer store ressursar for naturoppleving og jakttilbod. For mange jaktrettshavarar gir og dette viltet verdfull avkastning i form av kjøt eller utleigeinntekter. Etter at dei store rovdyra er så godt som utrydda, er det jakta som regulerer bestandsnivået hos artane. Der jaktuttaket ikkje er høgt nok, vil det være utarming av næringsgrunnlaget og vintersvolt som set grenser for bestandsnivå. For store bestandar vil og føre til beiteskader på jordbuksvekster og skog.

8.3.1. Mål

Bestandane av dei ulike artane må tilpassast næringsgrunnlaget slik at ein kan hauste maksimalt av bestandane på lang sikt, og slik at skadane på næringsverksemd blir haldne på eit akseptabelt nivå. Det må arbeidast for å få til ei meir heilheitleg forvaltning over større område i såkalla hjorteviltregionar.

Målet med hjorteforvaltninga vil vere å stabilisere bestanden gjennom eit høgt og vedvarande uttak av yngre dyr.

Det må sikrast at rådyret får høve til å spreie seg til dei områda i fylket der det har naturlege føresetnader for å leve. I mange rådyrtette område bør det leggjast opp til ei vesentleg auke i avskytinga slik at ikkje vintersvolt i vanskelege vintrar, trafikkulukker o.a. regulerer bestandane.

Det må sikrast at elgen får spreie seg til område i fylket der han har naturlege føresetnader for å leve, bl.a. gjennom ei meir forsiktig jakt i marginalområda for stammene si utbreiing. Produksjonen bør sikrast ved ei sterk vekt på unge dyr i jaktuttaket.

I Snøhetta villreinområde er det ei sterk utfordring å auke reinen sin bruk av areal vest for sivilisasjonslinja gjennom ei restriktiv arealforvaltning og styring av jaktuttaket til vinterbeiteområda.

I Ottadalen villreinområde er det klare indikasjonar på at kondisjonen hos dyra, viser ei negativ utvikling. Det vil være eit prioritert mål å skaffe sikre data for dette og tilpasse dyretalet til næringsssituasjonen. Området har stort behov for ein forvaltingsplan.

8.3.2. Tiltak

I løpet av 1991 vart materiale samla inn gjennom "Sett elg" i perioden 1986-90 bearbeidd og sendt alle elgvalda i fylket. Elles har det gått mykje tid til å gje annan informasjon om storviltforvaltning til ulike målgrupper gjennom direkte henvendelsar og deltaking på ulik møteverksemd.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er utpeika som hovudansvarleg fylkesmann når det gjeld Snøhetta og Ottadalen villreinområde. Ein har her vore representert på årsmøte i villreinutvala og bidratt med informasjon og vegleiing til villreinnemnder og villreinutval i den utstrekning det har vore nødvendig.

Overvakingsprogrammet for hjortevilt som er sett i gang av DN/NINA, omfattar her i fylket kommunane Aure, Surnadal og Rindal samt villrein i Snøhetta villreinområde. Elles har NINA i løpet av 1991 starta opp innsamling av materiale frå rådyr på Gossen i Aukra kommune som eit ledd i den forskninga på arten som instituttet driv. Desse prosjekta krev ei viss tilrettelegging og oppfølging av fylkesmannen.

Førebuande datainnsamling i ei metodeutvikling som er meint å gje lokale interesser eit reidskap til å overvake beiteslitasjen i vinterområde for hjort, vart avslutta i 1991.

I løpet av 1991 vart det delt ut kr. 71 800,- til erstatning for hjorteviltskade eller som tilskot til førebyggjande tiltak til 12 søkarar for skade valda i 1990. Elles kom det i løpet av året ein søknad om løyve til å starte hjorteviltoppdrett som er teken under behandling.

Telefonisk rettleiing skjedde gjennom heile året.

8.3.3. Resultat

Viltnemnder, villreinnemnder og jaktrettshavarar får stadig betre kunnskap for å ta riktige avgjerder. Villreinforvaltninga kviler på det beste grunnlaget, men forvaltninga av elg, hjort og rådyr blir og stadig betre fundert.

Utprøving av ei registrering av beiteslitasje på vinterbeiter for hjort er i hovudsak ferdig.

Det ser ut til at rådyra etter kvart blir noko betre utnytta. Fellingsstatistikk for storvilt for 1991 og 1990 er vist i vedlegg.

8.4. BETRING AV JAKTTILGANG

For mange er jakt ein viktig del av friluftslivet. Fleire omsyn gjer det ønskjeleg at mykje av behovet bør dekkast i rimeleg avstand frå heimstaden. Rundt halvparten av jegrane her i fylket eig ikkje sjølv grunn som gir høve til jakt, og dei må såleis skaffe seg jakttilbod gjennom kjøp av jaktkort eller andre avtalar med jaktrettshavarar. Ei intervjuundersøking som gjer greie for tilbod og etterspørsel etter jakt i fylket, vart ferdigstilt og publisert i 1990.

8.4.1. Mål

Det vil vere eit langsiktig mål at alle som er interessert i å jakte, får dekka dette behovet på lovleg måte i rimeleg avstand frå heimstanden. Fylkesmannen ser det derimot ikkje som si oppgåve å få grupper som i utgangspunktet ikkje driv jakt, til å begynne med denne aktiviteten.

8.4.2. Tiltak

For å oppfylle målsettinga er det arbeidd med å auke jakttilbodet og å gjere eksisterande tilbod betre kjent.

I dette arbeidet vil fylkesmannen spele ei rolle som informasjonsgjevar særleg til grunneigasida og til viltnemnder for å få i gang organiseringstiltak. Viktige alliansepartnarar er grunneigarorganisasjonane, særleg fylkesbondelaget/skogeigarlaget som alt er sterkt engasjert i denne oppgåva. Det er naturleg at desse organisasjonane driv hovudtyngda av organiseringsarbeidet, og at fylkesmannen kjem inn ved tildeling av midlar og som rettleiar.

Ein brosjyre om jakt i Møre og Romsdal vart gjort ferdig til trykking i løpet av 1991.

8.4.3. Resultat

Arbeidet er av langsiktig karakter der det er vanskeleg å måle resultat frå år til år.

8.5. STORE ROVDYR

Vi reknar bjørn, jerv, ulv og gaupe som store rovdyr. Her i fylket er det truleg jerven som er den mest talrike, idet vi har del i den einaste livskraftige jervestamma i Sør-Noreg. Vi reknar ikkje med at vi har hatt ulv her i fylket dei siste åra.

8.5.1. Mål

Få best mogleg oversyn over kva vi har av dei ulike rovviltartane og kartleggje kva skade dei gjer på bufe. Arbeide for å redusere konfliktane mellom rovvilt og bufehald.

8.5.2. Tiltak

Informasjon gjennom viltnemnder, presse, informasjonsmøte og direkte kontakt med einskildpersonar.

Innsamling og vurdering av rovviltmeldingar for å betre oversyn med kva vi har av rovvilt. Undersøking av kadaver av bufe for å finne kva som var årsak til at dyra har dødd.

Vi gav ut rapport om rovviltregistreringar og skade som freda rovvilt valda på bufe i 1990.

På grunn av store tap av sau i Grøvudalsområdet i Sunndal i 1990, vart det organisert tilsyn i området finansiert av viltfondet og arbeid for trygd. Tilsynet kan ikkje dokumenterast å ha redusert tapet, men ein har fått ei god kartlegging av utviklinga i tapa og årsaker til tapa. P.g.a. tapsomfanget vart det gitt løyve til å felle ein jerv i området frå midten av august. Det lukkast ikkje å utnytte dette løyvet.

Det har og vore tilsyn på beite i Folldalen i Trollheimen i Rindal og Sunndal kommunar etter relativt store tap i 1990. Her vart tapet i 1991 redusert med 50 % i høve til året før. Det vart ikke konstatert skade grunna rovvilt i dette tilsynsområdet i 1991.

Det har og vore meir tap av sau og lam enn det som har vore vanleg på begge sider av Romsdalen i Rauma kommune og Valldal i Norddal kommune der rundt 150 dyr ikkje er attfunne. Lokalt held ein her og jerv for å vere skadevaldar, men dette er ikkje dokumentert eller sannsynleggjort i eit einaste tilfelle.

8.5.3. Resultat

Haldningsendringar er vanskelege å måle, men vi trur at det etter kvart er auka forståing for at rovviltet er ein del av den norske naturen.

I 1991 har det vore store tap av sau på sørsida av Sunndalen der vel 310 sau og lam er sakna etter beitesesongen. Undersøking av 64 kadaver har vist at 50 med sikkerheit er tekne av jerv, 3 skuldast sannsynleg jerv, medan 11 har uoppklara dødsårsak. Tilsvarande kadavertal i fjor var 31, 10 og 11. Totaltapet då var 176.

Rovviltmeldingane frå 1991 passar stort sett inn i det same mønsteret som har vist seg tidlegare år, jfr. vedlegg. Eit hår som vart funne på ein liggeplass ved Velle i Sykkylven først på august, er dokumentert å stamme frå bjørn. Sjølv om ei enkel hårprøve kan vere lite å dra sikre slutningar frå, er dette det sikrast handfaste prov som er gjort dei seinare åra på at det kan finnast bjørn i fylket.

Etter sporregistrering i regi av NINA våren 1991 blei det konstatert minimum 13 - 16 jerv innafor Snøhettaområdet, og minimum 5 - 6 av arten i kringliggjande område. Dette er ikkje vesentleg forskjellig frå dei bestandstal som har kome fram gjennom liknande registreringar dei siste ti åra.

8.6. JEGERPOPPLÆRING

Frå og med 1. april 1986 måtte alle førstegongsjegerar ta jegerprøva for å kunne jakte lovleg. Her i fylket er det viltnemndene som står for avviklinga av den teoretiske jegerprøveeksamenen. Jeger- og fiskerforbundet står for utdanning av instruktørar til den praktiske delen av jegerprøva, medan ulike studieforbund står for det obligatoriske praktiske kurset.

8.6.1. Mål

Sikre at alle som er interesserte i å ta jegerprøva får tilbod om å ta ho rimeleg nær der dei bur.

8.6.2. Tiltak

Informasjon om jegerprøva og utsending av jegerprøvemateriell til viltnemndene og studieorganisasjonane.

8.6.3. Resultat

Jegerprøveavviklinga fungerte tilfredsstillande. 510 kandidatar bestod jegerprøva, og eksamen vart avvikla i 24 av dei 38 kommunane i fylket.

8.7. BETRING AV JAKTMORALEN

All jaktutøving inneber ein viss fare for skadeskyting eller fare for menneske. Kravet til aktsemd er slått fast i § 19 i viltlova. Det er grunn til å streke under at dersom jakta skal ha levelege vilkår i eit samfunn der eit lite mindretal er direkte engasjert i jakt, må utøvinga leggjast opp slik at rimelege krav til sikker og human jakt vert godt ivareteke.

Både frå forvaltninga og blant ålmenta er det storviltjakta som vert sterkast fokusert når det gjeld dette temaet. Det er likevel vanskeleg å peike på saklege argument for at ikkje andre artsgrupper og har same krav til ei human avliving. Eit uttrykk for samfunnet si prioritering på dette området er innføring av eit krav om at alle som jaktar på elg, hjort eller rådyr skal ha tilgang på sporhund frå 1. januar 1994. Bruk av hund under jakt har elles svært svak tradisjon i fylket.

Det er grunn til å peike på at ein har inntrykk av det er ein aukande tendens til hjortejakt under svært dårlege lystilhøve i den skume tida av døgnet. Dette er ei uheldig utvikling med tanke på sikker og human jaktutøving.

8.7.1. Mål

Betre jaktmoralen slik at jakta skjer på ein måte som gjer at viltet ikkje lir i utreningsmål, og slik at jakta ikkje kjem i unødig miskreditt i samfunnet.

Bidra til at målsettinga om tilgang på godkjent sporhund til storviltjakt frå 1994 kan oppfyllest.

Arbeide for at bruk av hund generelt under jakt vert meir utbreidd og akseptert her i fylket.

8.7.2. Tiltak

Eit hovudtiltak på dette området vil vere informasjon gjennom ulike kanalar. Vidare må samarbeidet med politietaten byggast ut med sikte på å avdekke og straffeforfølgje tilfeller av inhuman jakt. Økonomiske stimulansar og organisering av oppsynsordningar vil vere viktige stikkord.

Det er etablert ei ordning med sesongvise samrådsmøte med politietaten, og det er gitt uttale til fleire saker som politiet har sendt over til uttale. Ni viltnemnder har fått i alt kr. 13 500 til oppsyn, medan politiet/lensmennene fekk tildelt ei ramme på kr. 75 000 til å følgje opp saker som gjeld brot på viltlova eller mistanke om slike brot.

Eit svært viktig tiltak i planperioden vil elles vere samarbeid med og støtte til ulike organisasjonar som driv trening av sporhundar, og elles bidra på ulike måtar til at ein kan oppfylle kravet om tilgangen til sporhund frå 1994. I løpet av 1991 vart det gitt i alt kr 59 000 til dette arbeidet.

Samarbeid med viltnemndene om å etablere vaktordningar for sporhund før dette vert ei obligatorisk ordning.

Støtte til sau/hund dressur for å dempe potensielle konflikter mellom jakthundar og næring.

Informasjon til kommunar og utmarkslag for om mogleg å redusere ikkje reelle konflikter når det gjeld bruk av hund til småviltjakt.

8.7.3. Resultat

Utbreiinga av sporhundar og organisert trening av desse har auka. Fleire viltnemnder har aktivisert seg i arbeidet med å få sporhundar i bruk på storviltjakt og til ettersøk av trafikkskadd vilt.

8.8. LOKALE VILTTLILTAK

Jegrar betalar kvart år inn jegeravgift. For jakt på hjort, elg og villrein blir det betalt inn fellingsavgifter. Saman med inntektene av fallvilt, hovudsakleg trafikkdrept storvilt, utgjer dette hovudinntektene til viltfondet. Møre og Romsdal fekk kr. 467 000,- frå viltfondet i 1991 til lokale vilttiltak.

8.8.1. Mål

Fordele midlane på ein måte som tener viltet og jegrane best mogleg på lang sikt. Dette vil mellom anna omfatte oppgåver som tek sikte på å bevare artsmangfaldet og produksjonen av vilt i fylket, betre tilgangen på jakttilbod for allmenta og sikre at jakta foregår på ein sikker og human måte.

8.8.2. Tiltak

Innhenting av synspunkt på fordeling av midlane frå foreiningar og frå arbeidsutvalet for viltnemndene, og fordeling av midlar og oppfølging av dei ulike prosjekta som fekk midlar.

Av i alt 57 prosjekt som vart presentert frå eksterne søkarar, fekk 37 innvilga tilskudd med til saman kr 294 000.

8.8.3. Resultat

Midlane til lokale vilttiltak blei brukt på ein tenleg måte for viltet og jegrane.

9. VASSDRAGSFORVALTNING

Offentleg forvaltning av vassressursane handlar i brei tyding eigentleg om korleis det offentlege skjøtter vassressursene. I praksis dreier dette seg om det sett av verkemiddel, planar, lover, konsesjonar, forskrifter, organisering, økonomiske og informative tiltak som den offentlege sektor nyttar for å forvalte vassressursane.

På sentralt nivå er ansvaret for vassdragsforvaltninga delt på fleire departement (særleg MD og OED) og direktorat (DN,SFT,NVE mv). NVE sine regionkontor, fylkeskommunen og fylkesmannen har viktige oppgåver på regionalt nivå, medan kommunane har primæransvaret på lokalt nivå.

Planlegging etter Plan-og bygningslova gir lovheimel til å gjennomføre ei samordna planlegging av vassressursane. I tillegg er det ei rekke andre sektorlover som styrer bruken av vatn, og som det er knytt konsesjonsordningar til: Vassdragslova, Vassdragsreguleringslova, Industrikonsesjonslova, Laks- og innlandsfiskelova, Naturvernlova, Forureiningslova m.v.

Dei seinare åra er det gjennomført ei rekke landsomfattande prosjekt som har karakter av vassressursforvaltning. Det gjeld t.d. Samla Plan for vassdrag og "Byen, vassdrag og sjøen" som har gått i regi av Miljøverndepartementet, og verneplanane (I-IV) for vassdrag som Olje- og energidepartementet har stått for. Gjennom desse prosjekta er i stor grad rammegrunnlaget lagt for dagens vassdragsforvaltning. Samtidig er det utvikla metodar og verktøy som dannar ein viktig basis for ei samordna forvaltning av vassressursane våre.

Det gjenstår likevel mykje arbeid med utarbeiding av retningslinjer og informasjonsmateriell og ikkje minst når det gjeld modernisering av lovverket. Det vil kunne auke engasjementet og effektiviteten i vassdragsforvaltninga. Tilsetning av miljøvernkonsulentar i kommunane og større satsing på vassdragsplanar-/kommunedelplanar for vassdraga vil likevel kunne vere enno viktigare.

9.1. VERNEPLAN FOR VASSDRAG

Arbeidet med vern av vassdrag starta i slutten av 60-åra, og ved tre vedtak i Stortinget , i 1973, 1980 og 1986 (verneplan I, II, III) er tilsaman 10 vassdrag i fylket vårt verna mot kraftutbygging: Bondalselva (Ørsta), Norangsvassdraget (Ørsta), Vesteråselva (Stranda), Valdøla (Norddal), Stordalselva (Stordal), Istra (Rauma), Driva (Sunndal), Ålvunda (Sunndal), Todalselva (Surnadal), Søya (Surnadal).

Vassdraga er formelt verna mot kraftutbygging, men Stortinget har bedt alle om ikkje å øydelegge verneverdiane i desse vassdraga ved andre typer inngrep. Ansvaret for å leve opp til dette ligg på kommunane ved bruk av Plan- og bygningslov og statlege organ sin bruk av særlover, t.d. vassdragslov og forureiningslov. Under Stortinget si behandling av Verneplan III vart det vedtatt at arbeidet skulle førast vidare i ein Verneplan IV.

9.1.1. Mål

Målet med Verneplan IV har vore å få supplert tidlegare verneplanar gjennom å verne eit tverrsnitt av den typiske og den spesielle vassdragsnaturen i fylket, og syte for å få ei rimeleg geografisk fordeling av verna vassdrag. I dette opplegget har målet også vore å ivareta omsynet til kulturminne, friluftsliv, jakt, fiske, naturvitskap og anna ein har hatt dokumentasjon om. Målet har også omfatta ønskje om å få med kystvassdrag i verneplanen.

9.1.2. Tiltak

På oppmoding frå NVE har miljøvernavdelinga og andre etatar utarbeidd forslag til vassdrag som kunne supplere tidlegare verna vassdrag. Etter ei totalvurdering kom kontaktutvalet for verneplan IV til at 18 vassdrag i fylket vårt skulle vurderast med tanke på vern. Dei faglege innspel om Møre og Romsdal-vassdraga er utført av: NVE/kraftselskapa (kraftressursen), NINA (botanikk), UiT (limnologi), UiB (geofag), DN (fisk, vilt, friluftsliv og rekreasjon), Riksantikvaren (kulturminnevern), Fylkeslandbrukskontoret (jord-og skogbruk).

Miljøvernavdelinga har deltatt på møter, synfaringar og i vurderingar av det faglege materialet, samt i høyringa av innstillinga frå kontaktutvalet jfr NOU 1991:12A.

9.1.3. Resultat

Svært mykje av arbeidet med VP IV har skjedd i 1990/1991. Innstillinga frå kontaktutvalet, det såkalla Mellquistutvalet, er samrøystes om at 10 nye vassdrag bør varig vernast, medan det er dissens om Raumavassdraget. Oversikt over innstillingsresultatet er gitt i tabell 17. Høyringa avdekte at det er sterke ønskjer om vern av fleire vassdrag enn det Mellquist-utvalet har foreslått. Det gjeld særleg Geirangervassdraget, Måna og Vågselva, medan også høyringsorgana er usamde når det gjeld Rauma. Til dømes gikk fylkestinget inn for vern berre av øvste delen av vassdraget, medan kommunen vil verne heile vassdraget. Olje- og energidepartementet vil no utarbeide ein Storingsproposisjon om saka.

9.2. SAMLA PLAN FOR VASSDRAG

Stortinget har behandla Samla Plan både i 1986 (St.meld. nr 63) og i 1988 (St. meld. nr 53). Resultatet for fylket vårt er 15 kraftverksprosjekt (445 GWh/år) til no plassert i kategori I (gruppe 1-5), og at 4 Raumaalternativ og 9 andre kraftverksprosjekt (ca 838 GWh/år) førebels er plassert i kategori II (gruppe 6 - 8), jfr tabell 18 A.

